

Nasjonalbiblioteket/bokselskap.no, 2015

Norske mellomalderballadar: Legendeballadar (TSB B-gruppa)

Redaksjon: Velle Espeland, Børge Nordbø, Liv Kreken, Elin Prøysen, Astrid Nora Ressem, Olav Solberg, Ellen Nessheim Wiger

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

NORSKE MELLOMALDERBALLADAR

Legendeballadar

(TSB B)

Nasjonalbiblioteket

2015

[TSB B 7 Sankt Jakop](#)

[TSB B 8 Sankt Stefan og Herodes](#)

[TSB B 10 Sankt Georg og draken](#)

[TSB B 12 Sankt Olavs kappsegling \[Hellig-Olavs Væddefart\]](#)

[TSB B 14 Liti Kari](#)

[TSB B 16 Maria Magdalena \[Marie\]](#)

[TSB B 20 Olav lyg på stolt Margjit](#)

[TSB B 21 Torgjus-døtrene](#)

[TSB B 22 Fuglen sette seg på lindekvist \[Tora liti\]](#)

[TSB B 23 Agnus Dei](#)

[TSB B 26 Dei frearause menn](#)

[TSB B 29 Eldprøva](#)

[TSB B 31 Draumkvedet](#)

[Forkortingar og litteratur](#)

TSB B 7 Sankt Jakob

Innleiing

Jesus vil sende Jakob til heidningland, men Jakob har korkje skip eller segl. Du kan segle på ein stein, seier Jesus. Vel framme kjem Jakob opp i ein ordstrid med kongen i landet om kven som har den sterkaste guden. Kongen vil ikkje tru på Jakobs gud om ikkje Jakob kan vekkje kongssonen, som drukna i fjor, til live att. Jakob tek fram ei bok og les og syng til kongssonen kjem levande opp av elva. I dei siste strofene fortel Jakob om himmerikets glede og helvetets pine, og dermed let kongen seg sjølv og folket sitt kristne.

Den fylldigaste versjonen av «Sankt Jakob» er oppskreven av Sophus Bugge etter Elen Jensdotter Rolleivstad frå Skafså, men det finst også ein variant som er skriven opp i Fergus Falls i Minnesota. Då Anne Bendiksdotter Rolleivstad, også frå Skafså, miste mannen sin i 1868, tok ho med seg dei fem borna sine og emigrerte til USA. Der tok ho etternamnet Howard etter mannen, som heitte Håvard. Ein eller annan gong må ho ha møtt Torkell Oftelie, skribent, publisist og folkeminnesamlar, som trong stoff til dei norskamerikanske publikasjonane sine.

Sankt Jakob i denne visa må vere apostelen Jakob den eldre. Han var ein av leiarane for dei jødekrystne i Jerusalem etter at Jesus var død. I Apostelgjerningane 12, 2 er det fortalt at han vart halshoggen på ordre frå kong Herodes Agrippa ca. år 44. Men i legendene fekk han eit langt liv.

Legendene fortel ulike historier. Nokre meiner at liket til Jakob vart lagt på eit skip med korkje segl eller årer. Skipet styrte likevel gjennom Gibraltar og opp langs vestkysten, til Galicia. Der vart liket lagt på ein marmorstein, og steinen forma seg til ein sarkofag rundt liket, som om det var av voks. Dette mirakelet kan vere bakgrunnen til at dei nordiske balladane fortel at han sigla på ein stein. Det momentet vantar i dei eldre legendene.

Ei anna legende fortel at Jakob drog til Spania i levande live og misjonerte der i fleire år. For å få forteljinga til å henge i hop, måtte han dra tilbake til Jerusalem for å bli halshoggen i år 44. Deretter måtte liket ut på den mirakuløse sjøreisa til Spania, før han endeleg kunne gravleggjast i Santiago de Compostela. Desse fantasifulle forteljingane dukka ikkje opp før på 700-talet, men først etter at Karl den store skulle ha sett grava i ein draum, kom pilegrimsvandringa i gang.

I Sverige er det registrert ni variantar av visa, i Danmark er det berre to. Den eldste er eit skillingstrykk frå 1732. Etter god protestantisk skikk er mirakla tona ned, mens dei fleste strofene berre reknar opp synder og straff. Den norske varianten er så sjølvstendig at han ikkje kan vere inspirert av dei svenske og danske.

Framleis står Jakobs dødsdag, 25. juli, markert i almanakken som Jakob Våthatt, kanskje fordi kjenneteiknet hans er hatten med ein musling på.

Utsyn 52

DgF 100

SMB 38

CCF 140

Oppskrift A

TSB B 7: Sankt Jakob

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Elen Jensdotter Rolleivstad, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 145–149 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Jesus han tala te Sante Jakup så:
Du ska' deg ti Hedneland iår.
– Vi findest undertiden. –
 2. Hossi kann eg meg ti Hedneland iår,
eg hev' ikke segl å sigle oppå.

3. Du ska' kji ha kvorkjen segl helle streng,
men du ska' sigle på hare grå stein
4. Ja hare grå steinen å judiske mål,
de ska' du sante Jakup sigle uppå.
5. Steinen begynder i vandet at flyde,
så flyder han mót de hedne kungerikje
6. Den hedniske kungje han skynder seg til strand mót den fær,
han gløymer sitt skjoll å sitt gode svær.
7. Hør du kristenmand hott jeg siger dig,
frygtear du ikkje for hedningen^{v1} er ti.
8. Eg frygtar ikkje for hedningen dínⁿ¹
ti min Gud han er langt sterker end dín.
9. Hossi kan din gud vera sterkar hell mín,
min gud han drikke mjø å vín.
10. Sante Jakup eg trur ikkje på dine ór,
før du finn atte min son, som kom burt i floden ifjór.
11. Sante J[akup] han tók sí bók i hånd.
jo mere han læser, jo mere han sång
12. Jo [mere han læser, jo mere han] sång,
alt ti han fekk dei døde bein på gång,
13. S[ante] J[akup] han stó å såg derpå,
dei krøkttest dei døde bein på botnen låg.
14. S[an]t[e] J[akup] han tók han í sí hånd,
så leier han han for hednekungen fram.

(Kongen)

15. Du ær en gudsengel, det siger jeg dig
men sig mig i ~~hi~~ om^{v2} himmerig er ti.
16. Ja i himmerikje der er stor glæde og ro,
sjell syndelaus menneske der må bo.
17. Du er en gudsengjel det siger jeg dig
men sig mig i hvor^{om} helviti er ti.
18. I helviti æ 'kji kvorkjen glæde hell ro,
gud nåde de menneske, som der ska bo.
19. Der stander et barn, har forbanna si mor
de stende på ein steine langt heitar hell ein glo.

20. Der [stander] ei móer, [har forbanna] sit barn
ho [stende på ein steine langt heitar hell] ein svavel.

21. Der stende tvo egtefókk, har forlíkis illi á alli væl,
i æ^evige pinen má brende deres sjæl.

22. Gud gjeve meg den hellig ánd så
så ska eg late krisne bá stóre á små.

22. [Gud gjeve meg den hellig] ánd
[så ska eg late krisne bá] kvende og mand.

Reinskrift: NFS S. Bugge IV, 246–247.

Strofene er ikkje nummererte i kladden, men er det i reinskrifta.

Songaren er mor til songarane i oppskrift B og C.

Oppskrift B

TSB B 7: Sankt Jakob

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Jorunn Bendiksdotter Storelid,
Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLIX, 34–35.

Utan oppgjeven tittel.

~~1. Sante Jakup~~

1. Jesus han tala ti Sante Jakup saa:
Du ska deg ti hendenland i aar.

2. Men hòsi kann eg ti hedenland i aar,
eg hev ikkje skip ti aa sigle paa.

3. Á du ska kji hav' anten segl 'ell streng
men du ska hav' ein har'e graastein.

~~4.4~~ (St. Jakup skal vekkje uppatt den sonen som drukna).

4. St. Jakup han i bokji saag,
dei krøktes dei beini paa bõtnen laag.

(Sonen stig upp av havi)

5. Sant Jakup tok 'an i sî haand

- aa leidde han fòr hedenkongjen fram.
6. Du æ ein Guds engjil de sei' eg deg,
(men seg meg om himmerikji æ tì?)
7. Ja i himmerikji æ de glæde aa ro,
sjella^{v3} sòndefullt menneskji der maa bo.
8. Du æ ein Guds engjil, de sei' eg deg
(men seg meg no om helviti æ te)
9. I helviti^{der} æ kji anten glæde hell ro,
Gud naade dei menneskji der maa bo
10. GGud gjeve meg den helligaand^{saa}
sò ska eg kristne baa store aa smaa.
11. Gud [gjeve meg den helligaand saa]
sò ska eg kristne baa kvìndi aa mann.
-

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Songaren er dotter til songaren i oppskrift A og syster til songaren i oppskrift C.

Oppskrift C

TSB B 7: Sankt Jakob

Oppskrift: 1915 av Torkel Oftelie etter Anne Howard, Fergus Falls, Minnesota.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCCXI, 170.

Oppgjeven tittel: Sant Jakup aa Heiekongjen.

1. Jesus han tala te Sant Jakup saa,
du sko no deg ti hedenland iaar.
2. Aa hose kan eg te hedenland iaar,
eg heve kje skjip aa sigle uppaa.
3. Du sko inkje hava anten segl hell streng,
du sko sigle paa hare graastein.
4. Aa steinen han monne paa vatne fljote,

so flaut han te de heden kungerikje

5. Smaadrenghen han tala te heden kongjen saa,
Her kjem ein graastein me ein kristenmann uppaa.

(Her er burte noko.)

6. Du Jakup, eg trur ikkje paa dine or,
fyr du finn at sonen min som bleiv i fjoren ifjor

7. Sant Jakup han sto aa^{v4} saag der uppaa,
daa krøktes dei daue bein paa botnen laag.

8. Sant Jakup tok guten i si haand,
so leidde han honom til hedenkongjen fram.

9. Gud gjeve meg den hellig aand,
so sko eg lata kristne baa kvind aa mand

10. Gud gjeve meg den helligaand saa,
at eg kan lata kristne baa store aa smaa.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Songaren er dotter til songaren i oppskrift A og syster til songaren i oppskrift B.

TSB B 8 Sankt Stefan og Herodes

Innleiing

Denne visa er kjent i Sverige, Danmark, Finland og på Færøyane, men i Noreg er det berre bevart nokre små fragment av visa.

I 1736 skreiv biskop Erik Pontoppidan opp denne visa etter ei gammal tiggarkone som kom på døra hans og song visa i håp om å få nokre skillingar. Det fekk ho neppe, men han publiserte visa hennar til skrekk og åtvaring om kor mykje overtru, katolisisme og papisme som framleis fanst i det reformerte Danmark.

Visa har tre delar. Den første delen handlar om Jesu fødsel og dei tre heilage

kongar, den andre om Stefan og Herodes, og den siste om flukta til Egypt.

I visa er Stefan kongens hestedreng. Mens han vatnar hestane, blir han den første som får sjå Betlehemstjerna. Han går inn til Herodes og fortel at Kristus er fødd, men kongen seier at det er like umogeleg som at den steikte hanen som står på bordet, skal reise seg og gale. Straks flaksar hanen opp. Han set seg på stolryggen til kongen og gjel: Christus natus est!

I Sverige er det framleis vanleg at stjerneugar går rundt andre juledag og syng hos folk. Det kan vere juletiggarviser, eit spel med syngande dialog, men også visa om Sankt Staffan. Denne skikken har også eksistert i dei fleste norske byane, og i Grimstad har han halde seg, heilt opp til vår tid.

Sankt Stefan i denne visa er den Stefan som er omtala i Apostelgjerningane kap. 6, 7 og 8. Han vart steina, ikkje lenge etter Jesu død, og vart den første martyren. Det er mange legender om Stefan, men legenda om hanemirakelet er berre kjend i dei nordiske landa og i ei engelsk vise frå 1400-talet.

Utsyn 50

DgF 96

SMB 39

FSF 23

CCF 167

Oppskrift A

TSB A 8: Sankt Stefan og Herodes

Oppskrift i Erik Pontoppidan: *Fejekost*, 1736 (Pontoppidan [1736] 1923: 47)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. St. Stephan hand leder de Foler i Vand,
Aldt ved den liuse Stierne:
For vist er nu Propheten fød,
Som frelse skal ald Verden.
 2. Kong Herodes hand svarede saa der til:
Jeg troer ikke denne Tale,

Foruden den Hane, paa Bordet staar stegt,
Slaar ud sine Vinger at gale.

3. Den Hane slog ud sine Vinger og goel
Vor HÈrre hans Fødsels Time,
Herodes faldt af sin Kongelig Stoel,
Af Sorrig begyndte at svime.

Dei tre unummererte strofene står inne i eit lengre dikt hos Erik Pontoppidan i boka *Fejekost*, med undertittelen *Til at udfeje den gamle Surdeig eller de i de Danske Lande tiloversblevne og her for Dagen bragte Levninger af saavel Hedenskab som Papisme*.

Oppskrift B

TSB B 8: Sankt Stefan og Herodes

Oppskrift: 1850-åra av Sophus Bugge etter Reimert, Mandal, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, s. 47

Oppgjeven tittel: Helligtrekongers-Vise

1. St. Stephen han satte sine Fugle paa Vand,ⁿ²
saa saa han en Stjerne i Østerland;
den Stjerne, den Stjerne betyder vel Christus,
der tændtes et Lys i Hvermands Hus.

Denne strofa er den andre i ei lang rekke som stjernegutane song. Strofa er ikkje nummerert.

Under overskrifta står: (fra Mandal; optegnet af Kjøbm. Reimert)

[TSB B 10 Sankt Georg og draken](#)

Innleiing

Sankt Georg, eller Jørgen, er ein folkekjær helgen, både hos katolikkar og ortodokse. Han skal ha vorte fødd i Kappadokia i Vesle-Asia. Han er best kjend for at han klarte å drepe ein drake som truga byen Silena i Libya.

Legenda aurea, ei svært populær legendesamling frå seinmellomalderen, fortel at Georg ein gong kom ridande til Silena. Ved byen låg ein stor sjø, og i sjøen låg det ein frykteleg drake som ingen kunne drepe. Draken måtte få to sauer kvar dag, for elles ville draken blåse ein giftig dunst inn i byen, slik at folk kunne døy.

Etter kvart vart det slutt på sauene, og draken måtte få menneske. Kvar morgon kasta dei lodd om kven som skulle ofre seg, og til slutt fell loddet på kongsdottera. Mens ho gjekk nedover mot stranda, kom Georg ridande, og han spurde kvifor ho gret. Ho ropta at han måtte kome seg unna, for draken kom til å drepe han også. Men Georg rei rett mot draken og stakk lansens spiss gjennom halsen på draken. Viss kongsdottera no batt draken med beltet sitt i vår herre Jesu Kristi namn, så kunne ho leie draken inn i byen. Georg baud alle innbyggjarane å ta dåpen, elles ville han sleppe draken laus att. Då kongen fekk høyre dette, tok han den kristne trua, og dagen etter vart 20 000 menn, og dessutan mange kvinner og born, døypte.

I motsetning til i eventyret, får ikkje Georg prinsessa og halve riket. Han rei vidare mot martyriumet sitt, etter at han hadde formana kongen om å byggje kyrkjer og vise medkjensle med dei fattige.

I Noreg har vi sju oppskrifter av denne visa, men berre to av dei, Sophus Bugges oppskrift etter Aasne Gunleiksdotter Spokkeli frå Fyresdal og Torleiv Hannaas' oppskrift etter ein ukjend songar, har ein klar, samanhengjande tekst. Sankt Georgs namn er ikkje nemnt i nokon av dei norske oppskriftene, og dei legendariske elementa er stort sett borte. Songarane har nok sett drakedreparen som ein eventyrhelt, og ikkje ein helgen.

P. Chr. Asbjørnsen var den første i Noreg som skreiv opp eventyret om drakedreparen. Han kalla det *Gutten med bikkjene*, men tok det ikkje med i eventyrutgåvene sine. I alt er eventyret skriven opp i om lag 50 variantar rundt om i Noreg, av dei er 20 frå Telemark.

I 1969 gjennomførte pave Paul VI ei opprydding i helgenskaren. Helgenar

utan historisk grunnlag skulle ut av kalenderen. Men det er ikkje så lett å slette ein helgen som er vernehelgen for England, Georgia, Hellas, Portugal, ei rekkje byer, speidarar, soldatar, slaktarar og så vidare, og som trufast har levert mirakel gjennom mange hundreår.

I den ortodokse kyrkja er Georg framleis ein viktig helgen og ein av dei 14 nødhjelparane, dessutan er han også ein slags heilag person mellom muslimar.

Utsyn 54

DgF 103

SMB 40

Oppskrift A

TSB B 10: Sankt Georg og draken

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Gunvor Targjeisdotter Folleggdalen, Vrådal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 118–121 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.^{v5}

2. Han vilde ei Andet til Drikke have,
end Jomfruens Blod udi Blande.^{v6v7}

3. Kongen gik ind for sin Datter da^{v8}
med sorrigfuld Hjærte i Sinde
Du skal ud for Dragen i dag,
Det ganger mig aldrig af Minde.

4. Så ha' ho^{v9} på seg sin Silkjeserk
Guldkronen på um sitt Hue,^{v10}
Guds hellige Navn forglemmer hun ei,
det ypperste i Verden mon være.

5. Så gik hun sig efter Slottet frem
med en liden Handkniv i Hænde,
der stod for hende så liden en Dreng,
han hende så vel behager.

6. Gå væk, gå væk, du fager Ungersvend,

om du lyster Livet at tage,
der kommer en Drage af Havet op,
han tar mig så snarlig af Dage.

7. Hører I det, I skjønnne Jomfru,
hvad vil I den Ungersvend give
for han vil vove sit Liv for dig
i mod den Dragen at stride.

8. Jeg giver dig båd Sylv og Guld
dertil mit Faders Rige,
dertil giver jeg dig mig,
om jeg måtte være din Lige.

9. De stod der en liden Stund,
den Stund den var ikke længe,
der kommer en Drage af Havet op,
og Ungersvenden mod ham rende.

10. Han kaster en Kniv udi hans Mund
et Sværd udi hans Hjærte
jeg kan for Sandheden sige dig
det blev for Dragen stor Smerte.

11. Hører du det du skjønnne Jomfru,
du bitt han fast i ^{v11} Belte
I leder ham efter Slottet frem
og selv vil jeg følge derefter.

12. Hun ledte ham efter Slottet frem,
dæ rivna i Mur å i Stæder, ^{v12}
der døde saa mangel hedenske Mand
af Andelugten den sure.

13. Hører I det ... ⁿ³

14. Beholt du selv dit Sylv å Guld
dertil dit Kongerige ^{v13}
i Himmelen har jeg min Tjenesten sat
Gud unde mig den at beholde.

Første strofa i oppskrifta er nummerert som nummer 2. Dei andre strofene er ikkje nummererte.

Det finst to reinskripter, NFS S. Bugge IV, 184–185 og NSF S. Bugge IV, 23, med variantar etter fleire songarar, mellom andre Tone Targjeisdatter Kosi og

Targjei Targjeisson Kosi. Der er det også variantar Gunvor Targjeisdotter Folleggdalen i strofer som ikkje er med her.

Oppskrift B

TSB B 10: Sankt Georg og draken

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge p, 19r–21r (kladd)

Utan oppgjeven tittel. [v14](#)

1. Bære kon fader í [v15](#) himmerig [v16](#)
kjeme drakjen uppå våres øyi,
han vi' no 'kji' [v17](#) anna hava ti kost,
hell reine (å) klåre møyar

2. Me sko kaste [v18](#) gulltærning(ar) [v19](#) på tavelebór [v20](#)
å sjå hor dei gulltærninganne mon falle,
å dei falt på kungens dótteré gó'
å der fall måli frá henne.

3. Eg sko gjeva deg (bå) sylv å gull
å hælte í mitt kungeríkji
vi' du frí kjær dótteré mi
fra denne elendige kvíe.

4. Hav dú sjave ditt sylv å ditt d gull,
å dertil din edelbortsteinar [n4](#)
eg helle so mykje av mi fatik små bonn
Som dú gjer av dótte di den eine.

5. De va' då Danerkonungjen
han svøber sit hoved [v21](#) i skinn
so sørgelege ganger han i høieloft
å vekkjer kjær datteren sin

6. Hører [v22](#) dú de min kjæreste datter
dú må 'kje hverkjen syrgje hell kvíe
dú æ no gjeven ti drakjen í voll
sjå hånom so lýte dú blíve.

7. Hó tók bókje í den høgre^{v23} hánd
á krossa 'æ^{ut} í den vīstri
so gjékk hó seg ettei lofsans stétt
á né uppá grønan engji

8. So [gjékk hó seg etti lofsans] stétt
[á né uppá grønan] engji,
Een faver ungersvenn hó møter no der
hó gjer 'kje kvorkjen spurde hell kjende,

9. ¶Vík dú frá meg dú faver ungersvenn
eg må inkje mæ deg tala,
fyr^{v24} eg æ gjeven ti drakjen í voll
á hanem^{v25} so lýte eg hava,

10. Á tak so du deg ei stadige trú
som^o ei onnó^{v26} fattige kvinde,
á bé so dú so trúlege ti Gud
so kann^{v27} me den drakjen ivivinne.

11. Tak so dú dine snørebånd
dermæ ska' me drakjen binde,
be [so dú so trúlege tí] Gud
[so kann me den drakjen] ivi vinne

12. Dei stóge der á tala ei tí
den tíe hó va inkje lengji,
fyrri den lède drakje kjem^e fljúgandes heim
og ellen flýg av hånoms vengjir

13. Han leidde den drakjen på vollen út
so jammerleg mónne han høse,
og alle de folk uti staden va'
de mónne at skauen bórtløpe.

14. Han sette gnjavel úti hass munn
så jammerleg mónne han trykke,
ingjen fugl va' gó fy fjúke so hágt,
som ungersvenn sværi opprykte

15. Høyrer dé de mine kjæreste folk
dé tar 'kje hverkjen løbe hell renne
han æ bunden mæ herrens Guds bånd
slett ingjen mann mei sko 'en tvinge

n5

16. Eg sko gjeva deg sylv á gull

á hælter í mitt kungerríkji,
si' dú frídde kjær dóttterer min^{v28}
frá denne elendige kvíe.

17. Hav dú sjave ditt sylv á ditt gull
á dertil ditt kungerríkji
jomfrú Maria heve eg mi tenesta sett
eg má hæna aldriq svíke.

18. Dé sko byggja eitt slott uppáⁿ⁶ ný
á sekje dei í herri grå tindi
nár Herri Gud vi' eg sko^{koma} der^{v29} mei,
so vi eg kvíle meg (der)inni^{v30}

19. Han steig dá seg uppá gangaren rø,
hass^{v31} gangaren glimar som en herri,
og alle dei folk, uti staden va
dei bød hannem alle vel fare.

Strofene er ikkje nummererte i kladden.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 262–264. Reinskrifta har mange blyanttilskrifter, mest tekstkommentarar og tilvisingar til DgF (II,554f); tilvisingane dit er ikkje tekne med her. I margen ved overskrifta står det: (nærmest ligger svensk C og D) Dette viser til variantar frå svenske oppskrifter i DgF.

Oppskrift C

TSB B 10: Sankt Georg og draken

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Åsne Gunleiksdotter Spokkeli, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge q, 16–19.

Utan oppgjeven tittel.

1. Der ligger en Drage for Babylons Slot
og Slottet vilde han forderve
han vilde ikke andet at have til Mad
end Jomfrudens Blode det beblandet

end Kjød af kristne Mande

2. [Han vilde ikke andet at have til Mad]
[end Kjød af kristne Mande]
Han vilde ikke at drikke have
end jomfrudens Blod det beblandet.

3. Datter^{Faderen} gik for sin Datter ind
med sorgefuld mod udi sinde
du skal ud for Dragen idag
det gaar mig aldrig af Minde.

4. Saa havde hó på seg en^{v32} Silkeserk
Gullkronen omkring sit Hoved
Guds hellige Navn forglemte hun ei
det ypperst' i verden mon være.

5. Saa gik hun sig efter Slottet frem
med en liden Kniv udi Hande
der kom til hende en liden Dreng
som mon hende så såre behage.

6. [Hør det, hør det] O faver Ungersvenn
um du lyster Livet at have
hell du vi våge ditt Liv for meg
imot den Drage at stride

7. Så stod de der en liden Stund
den Stund var ikke så længe
der kom en Drage af Havet op
og Drengen imod hannem rendte.

8. Kniven kastede han uti hans Mund
Og Sværdet uti hass kjevte
det kan og enhver for Sandhed sige
det ^{var} for Dragen stor Smerte.

9. [Hør det, hør det], du skjøonne Jomfru
du binder han om med dit Belte
Saa leder du ham paa Slottet frem
og selv så følger jeg efter.

10. Så ledde de ham på Slottet frem
det brast over alle de Murer
der dødde så mangel hedniske Mand
af Hóndelugten den Sure

11. [Hør det, hør det] du Fader sød
hvad vil du den ungesvend give

for han hev våga sitt liv for mig
i mot den drage at stride.

12. Jeg skal give ham Sylv å Gull
dertil mit Land og Rige
så giver jeg ham ogsaa dig,
om du måtte være hans Lige.

13. Behold kun selv ditt Sylv å Gull
dertil ~~det Land og Rige~~ din Datter så Bolde
så i Himmelen der har jeg Tjenesten sat
Gud unde mig den at beholde

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta, så nær som strofe 12.

Over første strofa står: (lært af Olav Foss, kom fra Kongsberg)

TSB B 12 Sankt Olavs kappsegling [Hellig-Olavs Væddefart]

Innleiing

Olav Haraldsson og bror hans, Harald Hardråde, kjeklar om kven av dei som skal vere konge i Noreg. Sankt Olav gjer framlegg om at den som raskast greier å segle heim til fedrelandet, skal ha rett til det. Dette går Harald med på, men han ber om å få bruke Olavs snøgtgåande skip, Ormen. Så kan Olav segle med Oksen, som ikkje går så fort. Før kappseglinga skal dei gå i kyrkja til messe, seier Olav. Harald bryr seg ikkje om å høyre noka messe, og tjuvstartar. Olav får vite det, men held seg likevel til planen og lyder messa til endes. Så legg han i veg. Skipet susar fram, ikkje berre på sjøen, men like godt gjennom åker og eng. Olav seglar til og med gjennom fjella og skremmer opp «de sorte Trolde». Ei trollkjerring som sit og spinn, ropar og spør kvifor han seglar slik at trolla får mein av det:

Met Rock oc Teen:

«S. Oluff, hui seyler du oss til Meen?

S. Oluff met dit røde Skeg!

hui seiler du igennem min Kielder Veg?»

(DgF II: 136).

Men Olav snur seg berre attende og skaper trollkjerringa om til stein. Med kappseglinga går det som ein kunne vente, Olav kjem fram tre dagar før Harald. Sidan omkvedet i alle kjende variantar av balladen lyder «Det er saa faurt [fagert] i Trondhiem at huile» (DgF II: 134–139), kan ein gjerne tenkje seg at det er i den gamle norske kyrkje-hovudstaden ferda endar, der også sankt Olav vart gravlagd.

Dette er ein av dei balladane vi berre har restar igjen av, om vi tenkjer på den gamle norske tradisjonen. Det eldste brotstykket er Engelbret Michaelsen Resen Mandts omtale av visehandlinga i *Historisk Beskrivelse over Øvre Tellemarken*, skriven i 1770-åra, der han også siterer to strofer. Engelbret Mandt var sylvsmed i Kragerø, men enda sine dagar som brennevinsbrennar i København, og det var i den dansk-norske hovudstaden han skreiv den historiske utgreiinga om Telemark, som han ikkje oppnådde å få trykt. Både av språket i dei to strofene og av motivet med at Harald blir skapt om til ein stein, og ikkje – som hos Vedel – sjølv skaper seg om til ein orm, kan vi sjå at Resen Mandt byggjer på gamal telemarkstradisjon. Han skriv blant anna:

Høyrer du Olav med dit Roue Skieg,
Qvi seglear du giønnam min Kiellare Veg?

Men denne hellige Mand agtede ej meget om Troidene, thi det heder:

Sante Olav mone sig tilbage siaae,
Stat du der atte i Kampen graae,

hvilke Ord havde den Kraft, at Troidet strax blev forvandlet til en Kampesteen. Saaledes gik det og med hans Broder Harald, der af Forbitrelse blev til en Steen, da han saae at hans store Skynding ej kunde hielpe ham, at io hans Broder var kommet ham for i Veien (Solberg (red.) 1989: 56–57, Utsyn 8–9).

Det finst fire norske oppskrifter frå nyare norsk munnleg tradisjon. Dei to mest fullstendige går tilbake på danske trykk av visa. Vedel gav ut ei redigert og truleg noko utbygde form (1591), som igjen ligg til grunn for Ole Vigs tekst i *Sange*

og *Rim for det norske Folk* (1854) og for P. A. Jensens tekst i *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet*, som kom i fleire opplag frå 1860-åra. På svensk grunn finst det berre uheile tekstar (SMB 2: 91–92). Men at kappseglingssvisa har vore velkjend i Sverige, går fram av ei rad kalkmålingar i svenske kyrkjer. Det er Albertus Pictor som har utført desse, målar og perlestikkar i Stockholm i siste del av 1400-talet.

Balladehandlinga legg vekt på å framstille Olavs vidunderlege og nesten overjordiske kraft, som han sjølv sagt har frå Gud. Difor kan han heve seg over naturlovene. I segntradisjonen har Olav sett tydelege spor etter seg, bokstavleg tala. Naturformasjonar viser kvar han for gjennom landet, og kvar han bygde kyrkjer og slo i hel troll.

Strofeforma i «Sankt Olavs kappsegling» er særmerkt. Vi har å gjere med ei såkalla *gjentakingsstrofe*, der kvar strofe – bortsett frå den første – blir innleidd med ei gjentakning av slutten i den føregåande.

Utsyn 2

DgF 50

SMB 41

Oppskrift A

TSB B 12: Sankt Olavs kappsegling

Oppskrift: *Kjempeviseboka*, Anden Part, nr. XIV, s. 173–178.

Oppgjeven tittel: St. Oluf Konning i Norge

-
1. Oluf Konning og hans Broder,
de trættis dem om Norge Skær.
– Det er saa faurt i Tronhiem at hvile. –
 2. Hans Broder, de trættis om Norge Skiær.
Hvilken af os best seyle kand,
han skal være Kong i Norgis Land.
 3. Best seyle kand, han blive Konge i Norgis Land.
Hvo af os som først kommer hiem,
han Kronis til Konge over ald denne Egn.

4. Først kommer hiem, han bliver sig Konge i Landet alleene.
Det svarede Harald Haardraade,
det være som du nu sagde.
5. Harald Haardraade, det være som du nu sagde.
Men skal jeg seyle i Dag med dig,
da skalt du skifte Skib med mig.
6. I Dag med dig, da skalt du skifte Skib med mig.
Thi du haver Ormen hin snare,
hvor skulde jeg med Oxen fare.
7. Ormen hin snare, hvor skulde jeg med Oxen fare.
Ormen er saa snart som Sky,
Oxen driver saa langsom til Bye.
8. Snar som Sky, Oxen driver saa langsom til By.
Hør du Harald hvad jeg siger dig,
hvad dig tykkis, synes og mig.
9. Jeg siger dig, hvad dig tykkes, synes og mig.
Er mit Skib noget bedre end dit,
saa gierne maa du tage mit.
10. Bedre end dit, saa gierne maa du tage mit.
Saa tag du Ormen hin glade,
og jeg tager Oxen hin lade.
11. Ormen hin glade, og jeg tager Oxen hin lade.
Først ville vi til Kirken fare,
førend vi røre ved Seyl eller Ahre.
12. Til Kirken fare, førend vi røre ved Seyl eller Ahre.
St. Oluf han gaar om Kirkegaard,
som Guld da skinner hans deylige Haar.
13. Om Kirkegaard, som Guld da skinner hans deylige Haar.
Saa brat kom Bud for Oluf Konning ind,
og nu seyler Harald Broder din.
14. Oluf Konning ind, og nu seyler Harald Broder din.
Da lad dem seyle som seyle vil,
Guds Ord saa ville vi lyde til.
15. Som seyle vil, Guds Ord saa ville vi lyde til.
Messen er vor HERres Ord,
Svenne tager Vand, I gaar til Bord.
16. Vor HERres Ord, Svenne tager Vand I gaae til Bord.
Vi gaa til Bord, vi faa os Mad,
saa skynde vi os Stranden ad.

17. Vi faa os Mad, saa skynde vi os Stranden ad.
Saa ginge de dem til Strande,
som Oxen laae for Lande.
18. Til Strande, som Oxen laa for Lande.
Saa snarlig de til Stranden udbare,
baade Anker, Tov og Ahre.
19. Udbare baade Anker, Tov og Ahre.
St. Oluf satte sig i fremmer Stavn,
fri frem Oxe i JESu Navn.
20. Udi fremmer Stavn, fri frem Oxe i JESu Navn.
St. Oluf tog Oxen ved hviden Horn,
gak nu som du gik i Korn.
21. Ved hviden Horn, gak nu som du gik i Korn.
Oxen tog til saa fast at skride,
efter stod Bølgerne jo saa stride.
22. Til at skride, efter stoed Bølgerne jo saa stride.
Han viste liden Dreng op i Raa,
see om vi kunde Harald naa.
23. Op i Raa, see om vi kunde Harald naa.
Jeg seer ikke meere til all Verdens Priis,
end Toppen udaf Eege Riis.
24. All Verdens Priis, end Toppen udaf Eege Riis
Jeg saae under Norriges Land,
Silke-Seyl og Guld i Rand.
25. Under Norgis Land, Silke-Seyl og Guld i Rand.
Jeg seer under Norgis Skær,
hvor Ormen Silke-Seyl bær.
26. Under Norge Lands Side, Ormen saa saare fremskride.
St. Oluf klappet Oxen paa Lende,
du maatte end noget bedre fremrende.
27. Paa Lende, du maatte end noget bedre fremrende.
St. Oluf slog Oxen ved sit Øye,
langt bedre maa du ad Havet drive.
28. Ved sit Øye, langt bedre maa du ad Havet drive.
Da begyndte Oxen at beise saa,
de Baadsmænd kunde ikke paa Bonken staa.
29. At beise saa, de Baadsmænd kunde ikke paa Bonken staa.
Saa tog han Bast og sterken Linie,
der med bandt Baadsmænd sine.

30. Og sterken Linie, der med bandt Svenne sine.
Det da meldte den Styres Mand,
og hvor da seyle vi nu frem.
31. Den Styres Mand, og hvor da seyle vi nu frem.
St. Oluf drog af sine Handske smaa,
og selv maatte han til Styren gaa.
32. Sine Handske smaa, og selv maatte han til Styren gaa.
Vi seyle frem ad Bierge og Klippe,
den næste Vey som vi kunne hitte.
33. Ad Bierge og Klippe, den neste Vey som vi kunde hitte.
Saa seylede de over Bierge og Dale,
de bleve som de vare Vand hin klare.
34. Bierge og Dale, de bleve som de vare Vand hin klare.
De seylede over den Feld saa blaa,
ud da løbe de Trolde saa smaa.
35. Den Feld saa blaa, ud da løbe de Trolde saa smaa.
Hvo seyles over mit Guld saa rød,
og hvo da gjør min Fader denne Møde.
36. Mit Guld saa rød, og hvo da gjører min Fader denne Møde.
Stat du der og bliv til Steen,
indtil jeg kommer tilbage igien.
37. Bliv til Steen, indtil jeg kommer tilbage igien.
Saa seylede de over de Skaaner knolde,
til Steen bleve de sorte Trolde.
38. De Skaaner Knolde, til Steen bleve de sorte Trolde.
Udstaar Kierling med Rok og Teen,
St. Oluf, hvi seyles du os til Meen.
39. Med Rok og Teen, St. Oluf, hvi seyles du os til Meen.
St. Oluf med det røde Skeg,
hvi seyles du igiennem min Kielder Veg.
40. Det røde Skeg, hvi seyles du igiennem min Kielder-Veg.
St. Oluf sig tilbage saae,
stat du der og bliv til Kamp hin graa.
41. Tilbage saae, stat du der og bliv til Kamp hin graa.
Saa seylede de foruden al Meen,
der vigte for dem baade Stok og Steen.
42. Foruden all Meen, der vigte for dem baade Stok og Steen.
De seylede som de kunde allermeest,
ingen Mand kunde Øynene paa dem feste.

43. Kunde allerbest, ingen Mand kunde Øyne paa dem feste.
St. Oluf spendte Buen for sine Knæ,
Pilen falt bag det Seyle-Træ.
44. For sine Knæ, Pilen falt bag det Seyle-Træ.
Han skød ud af fremmed^{v33} Stavn,
Pilen falt bag Oxen i Havn.
45. Af fremmer Stavn, Pilen falt bag Oxen i Havn.
St. Oluf troede saa vel vor HÈrre,
derfore kom han tre Dage førre.
46. Saa vel vor HÈrre, derfore kom han tre Dage førre.
Harald blev i Huen saa vreed,
han skabte sig til en Orm saa leed.
47. I Huen saa vreed, han skabte sig til en Orm saa leed.
St. Oluf han var en Gudfrygtig Mand,
thi blev han Konge i Norriges Land.
48. En Gudfrygtig Mand, thi blev han Konge i Norriges Land.
St. Oluf gik i Kirken ind,
han takkede Gud af Hierte og Sind.
49. Udi Kirken ind, han takkede Gud af Hierte og Sind.
St. Oluf gaar om Kirkegaard,
der skinner en Gisel af hans Haar.
50. Om Kirke-gaard, der skinner en Gisel af hans Haar.
Den Gud vil hielpe, han kommer vel frem,
hans Fiender faa baade Laster og Skam.

I boka er teksten skriven fortløpande, utan inndeling i versliner.

Oppskrift B

TSB B 12: Sankt Olavs kappsegling

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Talleiv Olsson Rui, Moland, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLVIII, 53–54

Oppgjeven tittel: Sant Olav aa trølli.

-
1. Kong Olav aa hans broder kjær
dei trætta om Nòrris skjær.

– D'æ sò fager i Traannhjem at hvili. –

2. Hvo av òss som beste seile kann,
han skal være kòngje i Nòrris lann.
3. Ja skal jeg seile i dag mæ dig,
saa skal du bytte skjip mæ mig.
4. Fòr Òrmen den æ sò snar som skjy
aa òksen den driv'e sò langsamt til by.
5. Sò tager du da òrmen hin snare
hvor skal jei mæ òksen fare.
6. Sò bratt kaam bud fòr kong Olav inn,
Nu seiler alt Harall, broderen din.
7. Ja, lat 'an seile den seile vil,
fòr Guds or aa messa den lyer eg til.
8. Sant Olav slo Òksen med sitt øie
sò fort maa du til sjøen dig føie.
9. Sant Olav slo Òksen ved stavn og horn:
Gakk nu som om du gjikk i korn.
10. Da begjømte Ò[ksen] at besse saa,
de baadsmænn konn' ikke paa bonken staa.
11. Sò tok 'an bast aa sterkan line,
aa dermæ sò bant han baassmænn sine.
12. Sò seilet han aaver de bjerge aa knòlde,
til sten da bleve de sorte tròlde.
13. Uti sto kjereng mæ ròkk aa ~~tein~~ tein
S[ankt] O[lav] kvi sigler du òkkòn ti mein.
14. S[ankt] O[lav] ~~han~~ mæ ditt røde skjegg
Kvi seiler du gjenom min kjellarvegg.
15. S[ankt] O[lav] han sig tilbake saa:
Statt du og bliv til kamp hin graa.
16. S[ankt] O[lav] han trudde sò væl paa Vaarherre,
aa derfòr kaam han tri dagar fyri.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Under teksten har Berge skrive: (God tone) jfr. Bissefalius

Innleiing

Svend Grundtvig skreiv at denne vesle, velkjende visa på ein merkeleg måte har følgt med i tida. Etter reformasjonen har liti Kari lagt av seg klosterkleda og teke på seg verdsleg drakt. Slik er ho vorte ei uskuldig møy som ikkje let seg lokke av ein liddeleg og hemningslaus konge. Ho er så velkjend at vi ikkje på nokon måte kan begripe at ho opphavleg er den heilage Katharina av Alexandria, ei egyptisk kongedotter som lei martyrdøden under keisar Maxentius i det fjerde hundreåret.

Legenda aurea fortel at keisaren kalla folket saman for å ofre til dei heidske gudane, men Katharina steig modig fram og sa at keisaren burde slutte med å ofre til djevlar, og heller dyrka den sanne Gud. Keisaren gav henne først valet mellom dauden og å ofra til gudane, men då han merkte seg at ho var svært vakker og klok, samla han 50 vismenn, som fekk i oppdrag å omvende henne. Men det enda med at ho omvendte dei 50 vismennene til kristendomen. Vismennene vart brende på bål, men Katharina skulle få bli nest etter dronning om ho ville følgje keisarens råd. Katharina sto framleis fast mot alle gåver han baud henne.

Då han forsto at det ikkje nytta å omvende henne, vart ho kasta i fengsel, og der sat ho i 12 dagar utan mat. Ei kvit due kom med mat til henne kvar dag. Keisaren fekk laga fire hjul med kvasse piggar og sagblad. Når hjula gjekk rundt, skulle dei martre henne. Men då hjula vart set i gang, kom ein engel og braut hjula sund. Keisaren lova henne no at ho skulle få bli dronning, men ho valde dauden, og så vart ho halshoggen. Nokre englar tok liket og førte det bort.

Det er lett å kjenne att visa om Liti Kari i denne legenda. Kongen i visa er rett nok ikkje ein heidning, berre ein forførar, og ho blir ikkje drepen fordi ho er kristen, men fordi ho vel dauden, heller enn vanære. Englane kjem i form av kvite duer og hentar henne.

Vi har kring 20 oppskrifter av denne visa, alle er frå Telemark. Knut Liestøl meinte at denne visa hadde kome frå grannelanda i nyare tid. Det kan nok

stemme. Dei to beste oppskriftene er oppskrivne av Moltke Moe etter Gunhild Hansdotter Tjønnås 1882–1883 og av Sophus Bugge etter Gunnhild Kjetilsdotter Sundslid, Fyresdal 1864. Både desse er klart påverka av den svenske teksten som vart trykt i Ole Vigs *Sange og Rim for det norske Folk* (1854).

Sankta Katharina må ha vore ein svært populær helgen i Noreg. Mange gamle kyrkjer har alterskap og bilete av helgenar. Då desse bileta vart talde opp, var det berre jomfru Maria og Olav den heilage som var avbilda fleire gonger enn sankta Katharina. (Dybdahl 1999: 71)

I den norske almanakken står det framleis Karimesse på 25. november, Katharinas helgendag. Helgenar har ofte eit kjenneteikn. På biletet står Katharina med hjula som skulle drepe henne. Hjulet har også vore brukt som merke på primstaven. Det kan vere grunnen til at dagen også har vorte kalla Kari med rokken.

I 1969 gjennomførte pave Paul VI ei opprydding i helgenskaren. Helgenar utan historisk grunnlag skulle ut av kalenderen. Sankta Katharina vart fjerna frå kalenderen, saman med Sankt Georg og fleire andre, men dei var populære helgenar, og paven gjekk med på at dei kunne dyrkast lokalt.

Liti Kari-strofa

Denne visa skil seg ut i strofeforma. Vanlegvis har balladane firelinja strofe med etteromkved, eller tolinja strofe med etteromkved, eller også indre omkved. Linene har fire eller fem taktslag.

Liti Kari-strofa har fire liner, men vantar omkved, og har regelmessig tre taktslag i kvar line. Eldre forskarar har sett fram teoriar om korleis balladestrofene har utvikla seg, men med få eldre eksempel, kan det ikkje bli anna enn spekulasjon. Sjølv om Liti Kari-strofa formelt er heilt lik første halvparten av ei nibelungenliedstrofe, meiner dei fleste at ho er ei avleiing av den tolinja strofa og er ei yngre form.

Utsyn 53

DgF 101

SMB 42

Oppskrift A

TSB B 14: Lita Kari

Oppskrift: 1874 av Sophus Bugge etter Ingebjørg Sveinsdotter Kivle og Tone Olsdotter Kivle, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge VI, 154 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Liden Karen

1. Å høyr dú lislan Kari å vi'^{v34} dú vera mí
gull å grøne^{v35} skógar de vil jeg give dig.
2. Gull å grønne skogar dem^{v36} passar eg ei på,
giv hell di unga dronning, lat mig mæ æra gå.
3. [Å høyr dú lislan Kari å vi' dú vera mí]
de skiber^{v37} udi sjøen^{v38} [de vil jeg give dig.]
4. [De] skiber [udi sjøen, dem passar eg ei på,]
[giv hell di unga dronning, lat mig mæ æra gå.]
5. [Å høyr dú lislan Kari å vi' dú vera mí]
gullkronen^{v39} å gullspíren [de vil jeg give dig.]
6. Gullkronen å gullspíren [dem passar eg ei på,]
[giv hell di unga dronning, lat mig mæ æra gå.]
7. [Å høyr dú lislan Kari å vi' dú vera mí]
gullkronen å gullslotte [de vil jeg give dig.]
8. Gullkronen å gullslotte [dem passar eg ei på,]
[giv hell di unga dronning, lat mig mæ æra gå.]
9. Å hør du lislan Kari, vil du ei vera mi:
so legge eg deg i spikertunna å ruller^{v40} den omkring.
10. Ja legge du meg [i spikertunna å ruller den] omkring,
so veit Gud Fader i himmelen, hot uskyldig eg kom derinn.
11. Så la' en^{v41} hennar i spikertunna å rulla^{v42} den omkring
så blodet det ud monne rinde^{v43} . ja rundt . omkring.
12. Så tok han^{v44} hennar oto spikertunna å sette hende^{v45} på

forgylden^{v46} bår,
så kom der frúgur á jomfruer^{v47} á krusa hendes hár.

13. Så begynde tungen at tale og kroppen ligeså:
«Herre Gud fader i himmelen, giv den unge karl nårⁿ⁷.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

*Under overskrifta står: (Ingebjør Kivle og hendes Datter Tone Kivle.
Selgjord. 1874.)*

Oppskrift B

TSB B 14: Lita Kari

Oppskrift: 1882-1883 av Moltke Moe etter Gunhild Hansdotter Tjønnås, Bø,
Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 17, 22–24.

Oppgjeven tittel: Lita Kari

1. Å lita Kari tjende i ónge
i ónge Kongens gål
hó lyste som ei sjerne
blandt andre ternur små.

2. Ho lyste [som ei sjerne]
blandt [andre ternur små]
å unge Kongen talte
te' lita Kari så:

3. «Å hør du lita Kari
å vil du vera min
gråhesten mæ gullsalen
så vil eg gjéva deg.»

4. «Gråhesten mæ gullsalen
passar eg ei på
gjiv dæ di ónge dronning
lat mig mæ æra gå.^{v48}»

5. «Å hør du [lita Kari]
[å vil du vera] mi

den røðaste gullkróna
sá vil eg gjéva dig.»

6. «Den røðeste gullkróna
eg passar ikkje på,
gjév dæ di onge dronning
la meg mæ æra gå.»

7. «Å hør du [lita Kari]
[å vil du vera] mi
mitt hælve Kongerikje
sá vi eg gjéva dig.»

8. «Ditt hælve Kongerikje
eg passar ikkje på
gjév [dæ di onge dronning]
[la meg mæ æra gå].»

9. «Å hør du [lita Kari]
vi' du kje vera min
sá^{v49} lar nå eg deg sætta
i spikertunna inn!»

10. Sá sette 'n lita Kari
i spikertunna inn,
å kongens ónge svenrir
dom rulla den omkring.

11te vers glempt.

12. Sá kom der ifrá himlen
to vite duvur né
sá tók dóm lita Kari
å straks så blei der tré.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Under overskrifta står det: ([Gónill Kjønnsås], med bestemthed erklært at have den fra sin barndom).

Oppskrift C

TSB B 14: Lita Kari

Oppskrift: 1911 av Halvor Gunnarson Kalbast etter ukjend songar, Mo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLIV, 9–10.

Oppgjeven tittel: Liten Karin

1. Aa liten Karin tente paa unge kongjens gaard;
ho lyste som ei stjerne, blant adde ternur smaa.
2. Ho lyste som ei stjerne, alt blant dei ternur smaa,
aa unge kongjen tala ti liten Karin saa.
3. «Aa høyr, du liten Karin! aa vill du blive min?
graa hesten aa gullsalen, den sko eg gjeva deg.»
4. «Graa hesten aa gullsalen eg passas ikkje paa;
gjev den den unge kongji^{dronning}; lat mei mæ æra gaa.»
5. «Aa høyr, du liten Karin, aa vill du blive min?
eit skjib mæ gjylte stavnar, sko eg gjeva deg.»
6. «Eit skjib mæ gjylte stavnar, eg passas ikkje paa
gjev de din unge kongji^{dronning}; lat meg mæ æra gaa.»
7. «Aa høyr, du liten Karin, aa vill du blive min?
min rødaste gullkrona, den vil eg gjeva deg.»
8. «Din rødaste gullkrona, eg passas ikkje paa
gjev den, din unge kongji^{dronning}, lat meg mæ æra gaa.»
9. «Aa høyr, du liten Karin, aa vill du blive min?
mit halve kongerikji, de vill eg gjeva deg.»
10. «Dit halve kongerikji, eg passas ikkje paa;
gjev de, din unge dronning, ^{V50} lat meg mæ æra gaa.»
11. «Aa høyr, du liten Karin, vill du ei blive min?
so sko eg lata sikkje deg i spiketunna inn.»
12. »Aa vill du lata sikkje meg i spiketunna inn,
guds englar smaa, dei ser, at eg uskjyldig æ derti.»
13. De^{V51} sette liten Karin i spiketunna inn,
aa kongjens sveinar, rulla den ikring.
14. So kom de ifraa himmelen tvo kvite duvur ned:
dei tok liten Karin, aa strakst so bleiv de tre.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Over overskrifta står det: Denne kunde mor av uppskrivaren, men her er au paaverknad fraa prente.

Under oppskrifta står: 19/12-11. (se læsebog for folkeskolen aa folkehjem) og Ende.

TSB B 16 Maria Magdalena [Marie]

Innleiing

Denne visa har vi i kring tjue fullstendige oppskrifter og eit tillegg med nokre fragment. Dei fleste er frå Telemark, men det finst også oppskrifter frå Ringebu, Åmli og Grue i Solør. Sjølve hovudhandlinga er den same i alle oppskriftene, men utforminga av teksten kan vere ulik. Den eldste teksten har vi frå eit dansk flygeblad.

Jesus (eller i nokre variantar «ein gudfryktig mann») kjem gåande og møter ei kvinne som auser vatn. Han er tørst og seier at han ville drikke av handa hennar om ho er ei rein møy. Ho sver for Gud og mann at ho aldri har hatt mann. Men Jesus seier at ho har fått barn med både med far og bror sin, og dessutan med soknepresten, og det er det verste. Merkeleg nok er det ikkje snakk om at faren, broren og presten har noka skuld.

Maria fell på kne og bed om å få skrifte. Synda må bøtast ved askese og liding. Maria må leve som einebuar i skogen 7, 8 eller 9 år, mellom løver og ulvar grå. Drikke får ho frå bekken, og mat får ho frå dei fuglane små. Når tida er over, møter ho igjen Jesus, som spør korleis botsgangen har vore. Ho seier det har vore som å drikke mjød og vin kvar dag. Jesus seier det står ein stol for henne i himmelen.

Botsgangen kan variere i dei ulike variantane. I ei oppskrift av Sophus Bugge etter Hæge Bjørgulfsdotter Solli i Fyresdal, skal Maria sitje naken under kyrkjeveggen i seks år og i den strie straum i sju år.

Namnet Maria Magdalena er berre brukt i det danske flygebladet. I dei

norske oppskriftene heiter ho berre Maria. I oppskrifta etter Aaine Hansdotter Hinne, Grue i Solør, er omkvedet «Jesus deg hun fødde», og det ser nesten ut som om ho er blanda saman med sjølvaste jomfru Maria.

Maria av Egypt

Maria Magdalena er ein sentral person i Det nye testamentet, og det er mykje legendemateriale om henne, men knapt noko av dette kan ha vore grunnlag for vår vise. Då kan det vere god grunn til å sjå på ein annan helgen, Maria av Egypt, også fordi vi veit at Maria av Egypt var kjend i norsk mellomalder. Legenda om María egipzka er bevart i to versjoner.

I tolv år skal Maria av Egypt ha vore prostituert i Alexandria, før ho fekk lyst til å følgje med pilegrimane til Jerusalem. Ho hadde ikkje pengar til sjøreisa, men betalte med sin eigen kropp. Då ho forsøkte å kome inn i kyrkja, vart ho gong på gong stoppa av ei usynleg makt. Til slutt bad ho den heilage jomfru om hjelp, og dermed kom ho inn i kyrkja. Ei stemme sa henne at ho skulle gå over Jordan, og det gjorde ho. I 47 år levde ho som eremitt i øydemarka, før ein gamal abbed fann henne. Kleda hadde falle av henne, og ho hadde vorte svartbrend av sola. Han gav henne sakramentet, men neste gong han kom for å møte henne, var ho daud. Han torde ikkje røre den nakne kroppen hennar, men det kom ei løve som grov ei grav, og med hjelp av løva vart ho gravlagd.

Maria i vår vise har levd eit promiskuøst liv som Maria av Egypt, og ho måtte bøte som eremitt i øydemarka. Den gamle abbeden kan også vere den gudfryktige mannen som fanst i fleire av variantane.

Lindeman har skrivne opp tre melodiar til denne visa: ein etter Ingebjørg Olsdotter Hagjen, Heddal, ein etter Aaine Hansdatter Hinne i Grue, Hedmark og ein tredje etter Ola Johannesen Kolden. Lindeman møtte Ola Kolden i Nordmarka, men han hadde kome dit frå Ringebru i Gudbrandsdalen.

Utsyn 51

DgF 98

SMB 43

CCF 150

IFkv 77

FSF 18

Child 21

Oppskrift A

TSB B 16: Maria Magdalena

Oppskrift frå 1850-åra av Ludvig Mathias Lindeman etter ukjend songar frå Fyllingen i Nordmarka, Oslo.

Orig. ms.: NFS M. Moe 65 9f, 2–4.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Aa Marie aa Marie skuld gaa efter Vand,
– Herre Gud trøste den som er bangen –
Paa Vejen der møder hun en gammel graa Mand,
– thi Synden den tvinger saa mange. –
 2. Hør Marie, hør Marie faar jeg drikk af dit ha^vand
ja bare jeg havde Guldbægret i min Haand
 3. Jeg skal bar drikke af din bare hvide Haand
ja bar du var Møi og aldrig ha faat Mand
 4. Aa Marie aa Marie hun forsvor sig paa det
at hun var Møi og aldrig ha faat Mand
 5. Aa Marie aa Marie du svær inte for mig
tre Børn i Live har du avlet hos mig
 6. Den ene har du avlet med din Fader saa god
den anden har du avlet med din Broder ligersaa
 7. Den tredie har du avlet med din Sognepræst
med hannem har du drevet Synden aller mest.
 8. Hør Marie hør Marie vil du lide for din Synd
i syv Aar skal du vandre i Skoven saa grøn
 9. Ja du skal faa drikk af de Bækkesisler smaa
naar Andre faa drikke baad Øl og Vin
 10. Ja du skal faa hvile paa de Kampestene smaa
naar Andre de hviler paa de Dynene blaa

11. Ja du skal faa spise af de Urtene smaa
naar Andre de spise baade Stegt og bræst
12. Aa Marie aa Marie hun mødte Jesus paa en Bro
Tak Jesus Tak Jesus jeg har lidt for min Synd
13. Jeg spidste saa godt af de Urtene smaa
naar Andre spidste baade stegt og bræst.
14. Jeg hvilte saa godt paa de Kampestene smaa
naar Andre de hvilte paa de Dynene blaa
15. Jeg drak nu saa godt af de Bækkesisler smaa
naar Andre de drak baade Øl og Vin
16. Tak Marie Tak Marie for alle disse Ord
i Himmelen haver jeg redet din Stol.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

På omslaget til denne samlinga (NFS M. Moe 65, nr. 9a) har ei ukjend hand skrive: «Hallor Persen Fyllingen / (Sjugur? og fl. gamle Viser) / Bror til Jor Hakkloa. / Inger Marie Paulsdatter Fyllingen / Ole Hellerudshaugen i Fyllingen». Denne balladen står derimot oppført etter «Ola Johannesen Kolden i Ringebo» i Lindemans melodioppteikningar (NBO Mus.ms. 2456, 126). Rett etter balladeoppskrifta i NFS M. Moe 65 står det ein notis om at Sigurd og trollbrura og Lage og Jon «er sunget i Gudbrandsdal, begge kiendte af Ola Johannesen Kolden fra Ringebo». På same bladet i melodioppteikninga står det òg ei vise etter «Jor Persen Hakloa i Nordmarken». Oppteikninga i NFS M. Moe 65, nr. 9f kan såleis vera gjort etter ein av dei tre som er nemnde på omslaget, i dette tilfellet med Ola Johannesen Kolden frå Ringebo (som visstnok sette bu i Nordmarka) som kjelde til melodien og kanskje òg teksten.

Oppskrift B

TSB B 16: Maria Magdalena

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Aslaug Targjeisdatter Askedalen, Vrådal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 316–319 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

1. Kvinna gjekk seg på skogjen^{v52} fram
– For dómmen –
så møtte hó seg en gudfrygtig mann
– Tunga talar á sjæli svarar for dómmen. –
2. Hør du kvinde, hott eg spyre^{v53} deg:
dæ klare vatne du gjeve meg.
3. Hosse kann eg gjeve deg vatn nå
eg hev ikkje her anten fat hell skål.
4. Visste eg du va ei møy så klar,
så drakk eg av dine lokurⁿ⁸ små.
5. Hó svór um Gud, hó svór um han,
at hó ha' aller havt mæ mann
6. Sver ikkje, sv[er] i[kkje] arme bló,
du hev havt mæ mennanne tvo,
7. [Sver ikkje, sver ikkje, arme] lív,
[du hev havt mæ mennanne] trí.
8. D{e}æn^{v54} fyste ha' du mæ din faer
då gjóre du syndi den hare.
9. [Dæ] andre [ha' du mæ din] bróer,
[då gjóre du syndi den] stóre.
10. [Dæ] tree [ha' du mæ din] sógneprest,
den syndi stende deg allenæst.
11. Kvinn^da faldt på Jesus på^{v55} kné:
kjære Jesus skrifter dú meg.
12. Eg deg ikkje skrifte må,
før du gjenge på skógjen í 8 ár.
13. Hó gjekk p[å] sk[ógjen] í 8 ár,
í blandt løvur å ulvar grå.
14. Hó fekk^{v56} ikkje anna te mat,
hell dæ bleike lindebla.
15. Inkje fekk^{v57} hó anna te drikke,
hell dogg, som faldt^{v58} av lindekvist

16. Kvinda gjekk seg på vegjen fram,
så^{v59} møtte hó atte den same mann

17. Høyrer dú kvinde hott eg spyre deg,
hosse líkar dú dómen, eg gav deg?

18. Så væl líka eg dómen min
som fyrr eg drakk både mjø å vín.

Reinskrift: NFS S. Bugge IV, 225

Strofene er nummererte i reinskrifta, men ikkje i kladden.

Bugge høyrde balladen to gongar og noterte variantar over linene i kladden.

Oppskrift C

TSB B 16: Maria Magdalena

Oppskrift: 1874 av Sophus Bugge etter Kristian Knutsson Trongkleiv, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge b, 140–143 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Maria seg på veien går
– Herre Gud trøste den som er bangen –
en Jesu for hende i veien står
– Ti sorgji ho tvingar so mangein –
 2. Giv mig att drikke af spanden din
Nei jeg vil gå hjem efter søllkonna mi
 3. So gott drikke eg av di bare hånd
når eg va bare viss at du aller ha' føtt bann
 4. Maria tok te forsverja sit liv
at ho aller ha fødet et barn i si ti
 5. Nei Maria hvi forsværger du deg
tænk på dei trei som ég ga liv
 6. Den fyste ha du mæ din kjære far
andre [ha du mæ din] broder so kjær
 7. [Den] trée [ha du mæ din] sógneprest

å då gjóre du syndi allerstøst

8. Høyr du María hot eg seie deg
I år skal du vandre i skauen om

9. Du sko kje få ana å eta utav
hell bite utav dei buskeænne små

10. [Du sko kje få ana å] drikke [utav]
hell drikke utav dei bekkjinne små

11. [Du sko kje få ana å] liggja uppå
hell liggje uppå dei steinænne små

12. Då desse 7 åri va gangne forbi
så møder hun Jesu på den selvsamme sti

13. Høyr du Maria hot eg spyre deg
hosse haver du levet utav fasten din

14. So gott levde eg u[tav] f[asten] min
som andre ha drukkji både mjø å vín

15. [So gott] beit [eg dei] b[uskænne små]
som den beste mad i verden å få

16. [So gott] drakk [eg] av d[ei] b[ekkinne små]
s[om] a[ndre] h[a] d[rukkji] b[åde] m[jø] å vín

17. [So gott] låg [eg uppå dei steinænne små]
som andre ha legji på blómsteri blå

18. Hav tak María for et tålmodigt sind
i dag skal du følge mig i paradís ind

19. Da klokken havde slagen 9
så klædde dei María so la dei hennar lík

20. [Da klokken havde slagen] 12,
so grov dei M[aría] i den sortane moll

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Mellom strofe 2 og 3 står: (lært af Nils Huse)

Innleiing

Olav og Margjit er kongsbarn, men Olav vil liggje med søster si. Når ho avviser han, baktalar han henne for kongen. Han seier at Margjit er skuldig i hor, og ho har grave eit levande spedbarn ned i jorda. Kongen trur på Olav og let henne brenne på bål. Men når bålet har brent ned, ligg Margjit der så kvit som ei svane. To englar kjem og hentar henne opp i himmelen, mens to djevlar frå helvete tek Olav.

Visa manglar ein legendarisk bakgrunn. Margjit er ikkje ein martyr som gjev livet sitt for den religiøse trua, men ho vel døden framfor å miste jomfruæra si. Når ho ser bålet ho skal brennast på, kallar ho det si brureseng. Ho skal stå brur i himmelen. I ei anonym oppskrift av Moltke Moe, ber ho også for både far og mor, og dessutan for Olav.

I ein dansk variant deler ho ut eignelutene sine mens ho ber for far og mor, men då ho skulle gje Olav ein sylvpyrdd kniv, ønskte ho at kniven skulle stå i hans liv. Slikt seier ikkje ein ekte helgen.

Olea Crøger skreiv visa opp alt på 1840-talet, men den fylldigaste teksten hadde Ragnhild Halvordsdotter Hurum i Seljord. Både Sophus Bugge, Hans Ross og G. O. Greve skreiv visa opp etter henne. Den eldste oppskrifta av denne visa finn vi i ei svensk handskriven visebok frå dei første åra av 1600-talet, men korkje dei svenske eller danske variantane er merkbart ulike dei norske.

Visa må kallast ei kvinnevise. Blant dei norske og danske variantane er det berre registrert kvinnelege songarar, og i Sverige, som har heile 27 variantar, er det berre to mannsnamn.

Både Lindeman, Catharinus Elling og Rikard Berge har skrive opp melodiar til visa.

Utsyn 58

DgF 109

SMB 46

IFkv 80

FSF 21

Oppskrift A

TSB B 20: Olav lyg på stolt Margjit

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter ukjend songar frå ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M.B. Landstad 3, 93–94.

Oppgjeven tittel: Peder og liden Kirsten

-
1. Peder han ganger til Kongens Gaard,
– Fugelen sjunger i Lunden. –
Aa ude stod Kirsten, var svøbt i Maar
– Den Jomfru skulle troelovas.
 2. Aa hør Du liden Kirsten hvad jeg siger Dig,
Aa vil Du nu troelove mig.
 3. Aa ikke saa vil jeg troelove Dig,
For Du est Peder, Broder til mig
 4. Aa vil Du naa ikke troelove mig
Saa gaaer jeg til Fader aa lyver paa Dig
 5. Ja lyv paa mig nu mens Du vil
Men Gud skal være mit Vidne til
 6. Aa Peder han ganger til Kongens Gaard
Aa ude stoed Kongen var svøbt i Maar,
 7. Aa hør Du Peder, Sønnen min
Hvor lider Kirsten Søsteren Din?
 8. Aa Kirsten har gjort baade Hoer aa Mor
Aa hun har lagt livanes Barn i Jor.

~~Saa tog dem liden Kirsten aa la{a} o paa Baar~~

NB: Her mangler et Par Vers.

9. Saa tog dem liden Kirsten aa la ho paa Baar
Aa Peder stod aa saag derpaa
10. Saa kom der tre^{to} Duer fra Himmelen ned
Da de fløi op, da var de tre
11. Saa kom der tre Ravner fra Helvede op
Og tog saa Peder med Sjel aa Krop.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB B 20: Olav lyg på stolt Margjit

Oppskrift: 1874 av Hans Ross etter Ragnhild Halvorsdotter Hurum
(Flathus/Mogane), Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS H. Ross 13, 28–32 (kladd), jamført med reinskrift skriven
over kladden på s. 28 og 30 i same handskriftet.

Utan oppgjeven tittel. [v60](#)

-
1. Stolt Olav han pika paa Dynni me Fingenne smaa
– Naar Linden ber Løv. –
Aa kjære stolt Margit^{v61} skreid Laasenn ifraa
– Mæ^{v62} dei vekker saa stolt ei skjøn [Jomfru]. –ⁿ⁹
 2. Stolt Margit ho vakna i Sengi so bratt
Hokke e de som kjæme so silde um Natt
 3. Aa ingjen saa heve eg Stevnen sagt
Aa ingjen so slepper eg inn um Natt
 4. St[olt] Ol[av] han reste te Kongjen mæ Bu^{v63}
St[olt] M[argit] ho gjer baade horar aa mur^{v64}
 5. Aa ~~Kongjen~~ dei henta heim Ask aa ~~Ei~~ henta heim Eik
~~Aa~~ dei henta heim alt som brennas kunn heitt
 6. Aa K[ongjen] priikka paa Dynni mæ Fingrenne smaa
Aa skjæi Stolt M[argit] skrei Laasenn ifraa
 7. S[tolt] M[argit] ho vakna i Sengi saa bratt
Hot æ de fe eit Lys som dei brenner i Natt
 8. De æ ikkje Ljosⁿ¹⁰ om du synes saa
De æ naa di Brureseng som du skaa liggje paa
 9. Aa æ de mi B[rureseng] som eg skaa liggje paa
Saa heve st[olt] O[lav] logi paa meg naa
 10. K[ongjen] tok St[olt] M[argit] i hviden Haand
So kastar han hennar at høieste Brann
 11. Som Brannen va brunnen aa den laa i Brann

S[tolt] M[argit] laag atte saa gvit som ei Svan

12. So kom der tvo Englar fraa Himmelen ne
Daa de rest tilbake saa va dei vel tre

13. ⁿ¹¹D{e}i henta heim Ask aa dei [henta heim Eik]
Di henta heim^{v65} som brennè k{u}ann heitt

14. K[ongjen] tok st[olt] O[lav] i hviden Hann
So kasta han honom at høiest Brann

15. Som Brannen va brunnen aa den va i Brann
S[tolt] O[lav] laag atte saa svart som ein Ravn

16. So kaam der tvo Dæ<vle>ⁿ¹² fra Helvetes Led
Daa de rest tilbake daa va dei væl tre.ⁿ¹³

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Reinskrifta er skriven over strofe 1–3 og 8–11 i kladden, og siste strofa i kladden er overskriven med tekst frå ei reinskrift av «Di tvo Systrar» (Horpa).

Oppskrift C

TSB B 20: Olav lyg på stolt Margjit

Oppskrift: Ukjend år av ukjend samlar etter ukjend songar frå ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M. Moe 48 nr. 5, 5–8.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Peder rider til liden Kirstens Gaard
– Fuglene sjunger i Lunden –
Liden Kirsten stod ude og solte sit Haar
– Den Jomfruen skulde troloves
 2. God Dag liden Kirsten kjær Søsteren min
Vil nu du trolove dig
 3. Nei inte saa kan jeg troloves med dig
Fordi du er Peder kjær Broderen min
 4. Vil du inte troloves med mig
Saa stor en Løgn skal jeg lyve paa dig

5. Ja lyve hvem som lyve vil
Gud skal være mit Vidne dertil
6. Peder rider til Kongens Gaard
Kongen stod ude og solte sit Haar
7. God Dag du Peder kjær Sønnen min
Hvordan staar det til med liden Kirsten Søsteren din
8. Liden Kirsten Kirsten^{v66} har gjort baade Hor og Mord
Hun har lagt levende Barn under Jord.
9. Kongen lod hugge en golde Gran
Derunder skal brænde Kongens Barn
10. Da kjørte liden Kirsten over bredden Bro
Alle græd, liden Kirsten lo
11. De kjørte liden Kirsten over grønne Eng
Gud ske Lov, nu ser jeg min Barneseng
12. Saa bad hun^{baade} for Far og Mor
Hun bad for Peder sin eneste Bror
13. ~~Men ei for Peder din eneste Bror~~
Ja vel er der Naade for Far og Mor
Men ei for Peder din eneste Bror
14. Den store Løgn, han har lyvet paa dig
Den kan han aldrig besvare hos mig
15. Saa kom to Duer fra Himlen ned
Men naar de for op saa var det tre
16. Saa kom der to Korper fra Helvede op
Saa tog de Peder med Sjæl og Krop

Strofene er nummererte i oppskrifta. Strofe 7 og 8 er ombytte, men dei er nummererte som her.

Oppskrifta ligg saman med ymse andre oppskrifter med ymse hender i ein konvolutt med påskrifta: Fra proprietær Anders Heyerdahl i Urskog / Januar 1885.

Innleiing

Denne visa finst både i Noreg, Sverige, Danmark og på Færøyane. Stort sett er handlinga lik i alle landa. Liknande viser finst også i Frankrike, Sveits og Italia.

I variantane av denne visa har Torgjus ei, to eller tre døtrar. Jentene søv lenge om morgonen, og Torgjus må vekkje dei om dei skal nåottesongen i kyrkja. Likevel bruker dei lang tid for å få på seg sine beste klede og til å pynte seg. Når dei endeleg kjem på kyrkjeveg, møter dei tre røvarar. Røvarane gjev dei eit val: anten må dei bli røvaranes viv eller miste sitt liv. Jentene vel døden framfor vanære, og røvarane halshøgg dei.

Røvarane går til næraste gard for å selje dei fine kleda jentene hadde, men det er Torgjus' gard dei kjem til, og når Torgjus får sjå kleda, tek han sverdet sitt og drep den eldste og den yngste av røvarane. Etter at det er gjort, spør han den mellomste røvaren kven han er. Han kan fortelje at dei var tre brør, og far deira heiter Torgjus. No først forstår dei at røvarane var jentenes brør.

Der jentene vart drepne, brann det høge voksllys, og det sprang opp ei kjelde. Torgjus sette opp ei kyrkje på staden. Både i Danmark og Sverige er denne visa også vorte til segner, som er knytte til konkrete stader.

I Noreg har vi berre nokre få oppskrifter av visa. Alle er frå Telemark, men ingen av dei er fullstendige. Songarane har berre hugsa korleis jentene kler seg i sin beste stas, og at dei vart halshogne. Deretter kunne dei berre fortelje at Torgjus drap røvarane.

Den danske forskaren Axel Olrik meinte at den omstendelege skildringa av korleis jentene sov lenge og brukte lang tid for å pynte seg i staden for å komme seg i kyrkja, vart noko syndig. Forfengelegheita vart noko som fortente straff, og dei måtte late liv. Det kan tolkast slik, men det stemmer ikkje heilt med mirakla, vokslysa og kjelda som sprang fram. Fleire av jentene i legendeballadane har vorte heilage berre for å velje døden framfor jomfruæra.

I 1960 regisserte Ingmar Bergman filmen *Jungfrukällan* på grunnlag av

denne visa. Filmen vart prisløna med ein Oscar og Golden Globe som den beste utanlandske filmen. Han var også nominert til beste svartkvitfilm, men nådde ikkje opp.

Ei skotsk vise, «Babylon; or, the Bonnie Banks o Fordie», fortel ei liknande historie. Ein røvar møter tre jenter og trugar dei til å ligge med han. Dei to første jentene nektar og blir drepne, men den yngste jenta trugar med at ho har ein bror inne i skogen. Han kan passe på henne. Men når broren kjem fram, viser det seg at han er røvaren. No forstår han at han har drepe sine eigne søstrer. Han tek livet av seg.

Utsyn 60

DgF 338

SMB 47

CCF 176

IfKv 15

Child 14

Oppskrift A

TSB B 21: Torgjus-døtrane

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Signe Gjermundsdotter Napper, Skafså, Mo i Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 56–59 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Torjus heve dei døttanne tvei
– Unde lídi –
lengji um morgonen sove^{v67} dei.
– Mæ sóli skine så víe. –
 2. Torgjus gjeng at búri,
han vekkjer Kari prude
 3. Statt upp K[ari] klæ^{dú} deg,
kyrkjeolmúgjen bíar på deg.

4. Seg kyrkjeolmugjen tí' ríe
dei tar inkje etti meg bíe.
5. [Seg kyrkjeolmugjen tí'] fara,
eg kjem alli etti mí ^{v68n14} dagar
6. Kari ha' pá seg silkjeskjurta små ^{v69},
gulle låg etti kvor den trá.
7. [Kari ha' pá seg] stakkjen rau
[gulle låg etti kvor den] saum.
8. K[ari] gjeng at bekkji,
sitt gule hár hó rekkjer.
9. Hó slengjer sitt hár i æin rødegulltrá,
å vénaste hovugulli sette hó pá ^{v70}.
10. Kari aksla kápa blá,
sá tók hó vegjen pá ^{v71} heii låg.
11. Då hó kom der noko pá hei,
møter ho dei rovarar ^{v72} tvei.
12. Kvøre Æ' du no dótter tí Maria møy,
hell æ' du dótteri tí Torjus under øy?
Bendik lova so vene møy
13. Kvor ví' du vera røvarevív
hell dú for svære læta her ^{v73} lív?
14. Eg ví'kji vera r[øvarevív]
eg ví' hell [for svære læta her lív.]
15. Kari la seg pá ein stokk
sá hoggje dei ^{av} hennars gule lokk.
16. Sá vítt som ^{dæ} blói rann
høie voksljósi ette ^{v74} brann.

(De blive så bedrøvede, at da forstode de sin Synd, de gik til hendis Hjem.
T[orgjus] kjendte Klæderne og brændte dem i en Bastoge.)

Reinskrift: NFS S. Bugge IV, 234–236

Strofene er ikkje nummererte i kladden, men er det i reinskrifta.

Over strofe 12 er det skrive: Ikke i denne Vise, og mellom tredje verselina i

denne strofa og resten, er det trekt liner både over og under. Strofa blir gjenteke etter oppskrifta, i ein litt ulik variant og saman med ei anna strofe etter oppskrifta:

Æ' de døttanne ti Maria møy?
hell æ' di døttanne ti Jørón øy
– Bendik lovar så véne møy –

Me æ' kje [døttanne ti] Jørón øy
men me [æ' døttanne ti] M[aria] m[øy]

Under desse strofene, nedst på sida, står det: Navnet líti Kjersti å Ingelill staar ikke nævnt *Øvst på neste side står det:* To kom gående, de mødte to Røvere, de bleve dræbte. *Strofene står òg i reinskriфта, men der som eit fragment av ei eiga vise. Der blir det også opplyst om namna:* Den ene héd líti Kjersti, den anden – saavidt mindedes Ingelill. *Her blir også kommentaren om namna i kladden presisert:* (2den Gg – 1863 – sagde hun at Navn ikke var nævnt i Visen)

Over første strofa i reinskriфта skriv Bugge: (Signe Napper fra Skafsaa.) (2den Gang hørt 1863) *Til nokre variantar er det presisert at dei skriv seg frå 1863. Desse variantane finst òg i kladden.*

I 1863 har Signe nok hugsa ei strofe til. Denne står i reinskriфта mellom strofe 8 og 9, nummerert 8b, såleis:

Hó vaskar sitt hár í sylvarvann,
so greier hó etti mæ rødegullkamm.

Under strofe 12 står det i reinskriфта ei ny strofe:

«Eg æ' kje dótter ti Maria Møy,
men eg æ' dótter ti Torgjus under øy.»

Denne strofa har fått nummer 13 i reinskriфта, og nummereringa er difor annleis der enn her. Om strofe 12 og denne nye strofa skriv Bugge: 2den Gang sagde hun at dette ikke hørte hid

Oppskrift B

TSB B 21: Torgjus-døtrane

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo,

Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 229–230 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Statt upp Sigrí syste miⁿ¹⁵
– undi lie –
kyrkjeolmugjen bíar diⁿ¹⁶
– Mæ sole skine so víe. –
 2. Lat dú kyrkjeolmúgjen fara
eg kjem 'kje ti kyrkje mí' dagar.
 3. Lat [dú kyrkjeolmúgjen] ríe,
dei tar inkje efterⁿ¹⁷ meg bía.
 4. Då hó kom s[e]g der mitteþá hei^{v75},
då^{v76} møter hó dei tvaddarar tvei.
 5. «Kvore^{v77} vi' dú vera tvaddarevív
hell dú vi' skjóskelege låte ditt lív.
 6. Kvåre [vi' du skjóskelege] døy
hell dú [vi' vera tvaddare]møy
 7. Inkje vi' eg vera tvaddaremøy
helle vi' eg fyr svære døy.
 8. [Ikkje vi' eg vera tvaddare]vív
[helle vi' eg] skjóskelege låte mitt lív
 9. Tvaddaren lét sitt sværi brå,
han hoggje hæna^{v78} í lytir två
 10. So langt som hennes blói rann
kyrkjeljósi ette brann.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

*Reinskrift: NFS S. Bugge V, 267–268. Strofe 6 og 8 er ikkje med i
reinskrifta.*

Oppskrift C

TSB B 21: Torgjus-døtrane

Oppskrift: 1874 av Sophus Bugge etter Alette Talleivsdotter Åsheim, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge b, 116–118 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

1. Stolt Kari hó ha på kåpa rø
– mæ mynde –
de va lísso gulle på jóri mon strø
– Mæ^{Fe} sóli den skíne so vie –
2. Stolt K[ari] ho sto å skódde sin sin^{v79} fot
mæ silkjesokker å syllspente sko
3. [Stolt Kari] hó ha på seg serkjen hvid^{v80}
de va 15 jomfrugurs handeverk.
4. [Stolt Kari hó ha på seg] stakkjen blå
der va mei gull hell der va trá
5. [Stolt Kari] hó stó å kjemte sitt hár
so sette hó si skjöne gullkróne på
6. [Stolt Kari] hó stó å kjemde mæ kamm
so slengde ho ikring eit silkjeband.
7. [Stolt Kari hó ha på seg] kåpa rø
8. [Stolt Kari hó] sette seg på gangaren grå
so tók hó den vegjen te skógjen låg
9. Sóm hó kom på den ville hei,
so møtte hó dei vaddaran tvei
10. Hokke vi du ante vera mæ [vaddaran] tví
hell du vi på ville hei låte ditt liv
11. Eg vi no kje [vera mæ vaddaran tví]
eg vi hell [på ville hei låte mitt liv]
12. So tók dei henar i den hvide^{v81} hánd
so lyfte dei henar av salens bánd
13. [So tók dei henar i den] gule lokk
so leidde dei henar te hoggarstokk
14. Sóm dei ha no gjórt den prís

so hoggje dei ivi ho bjørkeris

(Saa reiste dei ^{so langt} av å dei ville avhende klæi^{v82} å gulli hennars

so kom dei te fai hennars men han kjende klæi

(Han^{v83} ba dei ville)^{v84}

15. Tappe ^{meg} i ei potte mæ mjø
å ber de høgt lat de vera søt

De drak^{v85}

16. so blóe de stó i sokkar å skó

(Det var forgiftigt, han gav dei)

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: Da jeg læste op for Alet Versene i den foregaaende Optegnelse om at Kari kom til Himmerig og at Jomfru Maria bød hende en Stol, saa sagde hun, at hun havde hørt noget lignende.

Reinskrift: NFS S. Bugge VI, 152–153. Over første strofa står det: (Alet Aaseim. Selgjord. 1874. Targjei Aaseims Sønnekone.) I reinskrifta er første strofa sett til strofe 7, slik det òg er antyda med éi line av strofa på denne plassen i kladden.

[TSB B 22 Fuglen sette seg på lindekvist \[Tora liti\]](#)

Innleiing

Vårherre sender ein bodberar i form av ein engel, ei due eller ein småfugl til jorda, for at han skal hente ei ung jomfru opp til himmelen. Engelen eller fuglen set seg på kyrkjespiret eller i eit lindetre og syng om Jesus Kristus. Han ber Tora liti følgje med til himmelen. Tora liti høyrer og skjønar songen, men synest det er underleg at ho, som er trulova med ein kongsson frå England og er både frisk og

sunn, skal kallast til himmelen. Men Tora liti døyrr brått:

Torø liti fæk ilt før tuppen gol
o vart no dau før uprenner sol
(Blom 1971: 193).

På vegen til kyrkja følgjer tolv englar med som vaktarar, og i himmelen ringjer dei med tolv klokker. Når Tora liti kjem dit, blir ho venleg motteken av jomfru Maria.

Det finst om lag tjue tekstvariantar av denne balladen, med litt varierende handling. Dei fleste er frå Telemark, men vi har også mange frå andre fylke, både aust, vest og nord i landet. Ikkje minst er det skrive opp mange melodiar til «Fuglen sette seg på lindekvist» (Ressem (red.) 2011: 256–280). Balladen har fått plass i fleire vise- og songbøker i nyare tid. Den eldste teksten er frå inngangen til 1600-talet og står i den såkalla «Rygnestadboka» frå Valle i Setesdal, ca. 1590–1620. Rygnestadboka er førd i pennen av bonden Talleiv Åsmundsson på garden Rygnestad (DgF X: 222, Blom 1971: 203). I tillegg til å meistre skrivekunsten, var Talleiv Åsmundsson ein rik mann som passa godt på sølvet sitt, fortel Johannes Skar:

Talleiv hadde ein stor kasle [kjele, behaldar] full med sylv. Der kom tri fantar til Rygnestad eingong han var heim av støylen og såg til kaslen. Han stod upp i loftsvali og kaga [kikka]. Då ropa han innatt i loftet: «Kåmi no! mi e inkji rædd[e],» sa han. «Du er alene – vi så hvor du skottede,» sa fantane og la upp i stetti [trappa]. Talleiv truga med byrse. Han skaut ein i stetti. Då rann [rømte] dei hine (Skar 1965 I: 247).

«Fuglen sette seg på lindekvist» peikar på dei verkelege verdiane i livet. Dei finst i himmelen, ikkje i det forgjengelege på jorda. Det kan verke underleg at nettopp Tora liti blir utvald framfor andre til å kome dit og bli motteken av sjølve himmeldronninga, for ho er ingen martyr og har ikkje gjort seg fortent til slik ære. Det som kvalifiserer henne, er at ho er jomfru. Kyskheitsmotivet knyter balladen til prosalegender frå mellomalderen, om jomfrumartyrar som går i døden heller enn å ofre jomfrudomen (Blom 1971: 197–203).

Utsyn 55

DgF 104 og 102

SMB 48

Oppskrift A

TSB B 22: Fuglen sette seg på lindekvist

Oppskrift: 1833 av Peter Christen Asbjørnsen etter ukjend songar frå ukjend stad.

Orig. ms.: NFS P. Chr. Asbjørnsen 11, 26b–27.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Der satte sig en Fugel paa Bonde[n]s Karm
– Til at sjunge –
Han sang saa vakkert om Herr Jesum Krist
– Herre Herr Gud sender os sin Naade –
 2. Ud kom en Bonde og lyde derpaa
– Herre Gud –
Og vi du nu med mig til Himmerig gaae
– Herre Gud Herre [Gud sender os sin Naade] –
 3. Neimen vil jeg ikke med dig til him[me]rig gaae
– Herren raade –
Jeg haver for mange Smaabaan i min Gaar
– Herre [Gud Herre Gud sender os sin Naade] –
 4. Har du ikke Gaard baade mægtig og stor
 5. Jomen har jeg Gaard baade mægtig og stor
Men Søn min kann hverken pløie elle saa
 6. Der satte sig en Fugel paa Kjerkeka[r]m
– til at sjunge –
den sang saa vakkert om Herrejesum Krist
– [Herre Gud Herre Gud sender os sin Naade] –
 7. Ud kom en Jomfru og lyde deroppaa.
– Herren raade –
Og vil du nu med mig til Himmerig gaae.
– [Herre Gud Herre Gud sender os sin Naade] –
 8. Jamen vil jeg med dig til Himmerige gaae

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrifta er skriven «opp ned» på den attarste forsatsen til ei eventyrsamling, såleis at oppskrifta byrjar på s. 27 og held fram på s. 26b. Eventyrsamlinga er frå 8. februar 1833 og framover.

Mellom strofe 4 og 5 er det eit stort operom.

Reinskrift ved Moltke Moe: NFS M. Moe 78 nr. 37. Øvst i reinskrifta si skriv Moltke Moe: Optegnelse af P. Chr. Asbjørnsen fra Sørum (?) 1833. Til slutt har han skrive: (Cetera desunt).

Oppskrift B

TSB B 22: Fuglen sette seg på lindekvist

Oppskrift: 1848 av Ludvig Mathias Lindeman etter Marit Larsdotter Leira, Aurdal i Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NB ms 8vo 1740, 21–25.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Duen^{v86} sætter^{v87} sig^{v88} paa Liljanqvist
– Gud at raade. –
hun^{v89} sjunger^{v90} saa^{v91} vakkert om^{v92} Jesum Christ
– Herre Gud sender^{v93} os^{v94} sin Naade. –
 2. Aa hør du Tola lita^{v95} e tala te de
aa lyster^{v96} du følge af^{v97} mæ me
 3. Kos kan e fara aat følge af^{v98} mæ de
Kongeson^{v99} i Engeland han beila^{v100} te me.
 4. Aa hør^{v101} du Tola lita^{v102} e tala te de
Aa lyster^{v103} du at følge af^{v104} Lande mæ me
 5. Kos kan e fara aat at følge af Lande^{v105} mæ de
En Kongeson^{v106} af Engeland ha trolova^{v107} me
 6. Aa Tora lita^{v108} hu veivaⁿ¹⁸ sit Hugu^{v109} i Skjin
aa^{v110} gjik saa^{v111} in for^{v112} kjær Modern^{v113} sin

7. Tora lita^{v114} hu veiva sit Hugu^{v115} i Streng
Aa^{v116} gik saa^{v117} in for^{v118} sin Guðfader^{v119} i Seng
8. Tora lita^{v120} fik^{v121} Ilt før Toppen^{v122} gol
Aa^{v123} vart no dø^{v124} før oprinder^{v125} Sol
9. Saa^{v126} bar dei Like^{v127} ætte Væge fram
Dai^{v128} tølvs Gudsengla fere rann^{v129}
10. Saa^{v130} bar de Like^{v131} gjønno Kjørkjele^{v132}
Dei tølvs Gudsengla fal^{v133} paa Kne
11. Saa^{v134} bar de^{v135} Like^{v136} in paa Kjørkje Gulv^{v137}
I Himmerike ringjde^{v138} dei Klukkudn tølvs
12. Tora lita^{v139} hu prilla paa Døra^{v140} mæ Fingrene^{v141} smaa
Aa^{v142} kjære Jomfru^{v143} Maria luk Laagen^{v144} ifra^{v145}
13. Jomfru^{v146} Maria stod op af^{v147} sin ejen^{v148} Stol
Velkommen Tora lita^{v149} mæ trettan^{v150} Mø
14. Inte æ je saa træt inte æ je saa mø^{v151}
En liden Hvilestund vare^{v152} fulla go

Strofene er nummererte i oppskrifta. Variantane er skrivne dels over, dels attmed den opphavlege oppskrifta, med anna blekk.

I Lindemans Halvhundrede norske Fjeldmelodier frå 1862, har Lindeman ein melodi til Tora liti, og om denne seier han (på s. VI): Melodien optegnede jeg i 1848 i Aurdal i Valdres 1 Mil Nord for Skiftet Frydenlund; den blev sunget for mig af Marit Larsdatter Leiro.

Oppskrift C

TSB B 22: Fuglen sette seg på lindekvist

Oppskrift: 1859 av Sophus Bugge etter ukjend songar frå Slidre i Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NFS S. Bugge h, 117–119 (kladd)

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Tore^{v153} liti sto ute og lagæ sitt hår
– Gud lat råde. –
eg ha no alder hørt venre fuggel iår
– Ti gud sender uss sin nåde –
 2. Å kjære T[ore] liti gâ {følge}fulji mæ meg
i himmerikje ska e syngje for de
 3. Å kjære T[ore] liti du leve hjaa me
den konge i Engeland ska b{e}aile te de
 4. Å kjære min moder du br{e}aier op ei seng
å kjære min broder du skaffar me prest.
 5. D' æ' nå^o langt bære i himmerikje væra
enn væra i 'sæ væln å gullkrona bæra.
 6.
Å kōste på dæ^{'ne} væle si ære å tro
 7. Så kjōlde dei líkje ve vegen fram
D{a}ei tōlv gussengladn fyre'n rann.
 8. Så settø dei líkje ve kyrkjele,
dæi tōlv gussengladn vilte se ve
 9. så settø dei líkje på kyrkjegōlv,
i himmerikji ringde dei klukkudn tōlv,
 10. Jomfru Maria kom ríde på sin rødegullstol,
Vælkomi Tore liti så traytt å så mó.
 11. Væl var den jomfru, so skikka se så.
-

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: (Slidre)

Det finst ikkje spor etter første lina av strofe 6 i oppskrifta, men ho bør lyda på lag: D' æ' no langt bære i himmerikje bo, jamfør til dømes oppskrift D, strofe 12, eller Bugge si mest likelydande oppskrift NFS S. Bugge h, s. 130. Det er ikkje råd å fylla ut strofe 11.

Oppskrift D

TSB B 22: Fuglen sette seg på lindekvist

Oppskrift: Førre 1917 av Peter Andreas Lillebø etter ukjend songar frå Hjørundfjord, Møre og Romsdal.

Orig. ms.: TGM R. Berge DX, 27–31.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Litle-fuglen sette se på lindenkvist.
– Gud at råde. –
Han song so vakkert um Jesus Krist.
– Herre Gud! sende oss sin nåde. –
 2. Litle fuglen sette se på kjerkjekamb.
Han song so vakkert um Jesu namn.
 3. Litle fuglen sette se på kjerkjjesvir.
Han song so vakkert um Jesu-brur himmerig.
 4. Litle fuglen sette se på kjerkjemur.
Han song so vakkert um Jesu brur.
 5. Ut kom dei store og ut kom dei små.
Dei kunne vel forstå den litle fugels-mål.
 6. Ut kom jomfrua med utsleie hår.
Og vil du no fylgje me til himmerig.
 7. Ak hur ska e fylgje til himmerig.
E kjen 'kje sótta i nokæ bein.
 8. Jomfruna snudde se hasteg ikring.
So kjend o sotta i alle bein.
 9. Mi mor, ho ska reie mi sotteseng
Mi syste ska flette mit hår i ein ring.
 10. Min ^{far} sku gjere mi kjis{kj}te svart.
Min bror ~~han~~ ska gjere dei naglar små
 11. Kjære mi syste sov atte med med
Den kjeis{e}arsvein vil e gjeve de.
 12. I himila er bere å byggje og bu.
En på jorne å bere gullkruneⁿ tvo
 13. So bar dei likje te kjerkjele.
I himmerik rengde dei klokke tre.

14. So bar dei likje gjønå kjerkjeport.
I himmerik rengde dei klokke seks.

15. So bar dei likje yve kjerkje golv.
I himmerik rengde dei klokkene tolv.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Denne visa sendte Thrond Sjursson Haukenæs til Rikard Berge i 1917. På brevet som Haukenæs sendte saman med oppteikninga, har Berge skrive: Desse visune er ikkje uppskrivne av Haukenæs. Skade at han hev «utsletta» kjeldune.

Handa i oppskrifta er identisk med handa i NFS M. Moe 78, nr. 17. Ho tilhøyrer Petter Andreas Lillebø frå Sunnlyven.

Etter oppskrifta har Lillebø skrive nedst på sida: Denne viså æ funnen i Hjørungfjora, men ho æ visst kjend viare her på Synnmør. I Synnølva ha e soleis haurt møla ta hinne. Ho he vore kjend her lengje. Ho so sång hinne åt me, haure hinne ta besstemor si for 70 år sia. – Øvst på neste sida har det stått to liner som no er utviska, men ein kan tyda det såleis: Da ho lærde dinne va ho mykje(?) lenger. Nedanfor desse to linene er det ei ei oppskrift frå Hjørundfjorden av Kråkevisa, men det er trekt ein strek mellom dei utviska linene og visa. Det er såleis ikkje visst om opplysningane høyrer til Kråkevisa eller Tora liti. Mellom Tora liti og opplysningane er det trekt ein tunnare strek.

Haukenæs har sett til tittelen Litle Fuglen, og skriv elles: Fraa Søndmør. Gamle, merkjelige viser aa stev. Meddelt av Th. S. Haukenæs.

TSB B 23 Agnus Dei

Innleiing

Jomfru Maria går ned til stranda og oppdagar eit barn som kjem flytande til lands. Ho tek med seg barnet til Himmelen, der barnet får namnet Agnus Dei (Guds lam). Englane dansar og er glade, men Agnus Dei sit stur og vil ikkje

danse. Når jomfru Maria spør om grunnen, svarar barnet at det er fordi foreldra er «i vanden» (Blom 1971: 204), dvs. i skirselden. Jomfru Maria seier at barnet kan få løyse mor si frå skirselden, men Agnus Dei ber om å få setje fri begge foreldra. Dette får barnet løyve til, og då blir Agnus Dei glad og dansar saman med englane.

Denne balladen finst berre på norsk. Den einaste relativt fullstendige teksten vart skriven ned av Landstad i 1840-åra, etter Anne Ånundsdotter Lillegård (1792–1863) frå Eidsborg i Telemark. Som Landstad skriv i kommentaren i *Norske Folkeviser*, er det sannsynleg at «Visen [har] været mere omstændelig, end den her forekommer» (Landstad [1853] 1968: 551). Landstad refererer truleg til kva Anne Ånundsdotter fortalde, at foreldra til barnet var søsken og at mora hadde kasta barnet i havet. Anne mintest ikkje strofene der denne visehandlinga vart lagd fram – dei var altså borte frå tradisjonen i 1840-åra.

Etter reformasjonen kom dei katolske helgenane, med jomfru Maria i brodden, under sterkt press. Lutherske prestar og predikantar åtvare mot helgenkulten, og dei tok også avstand frå legendeballadane. I eldre danske og svenske balladeoppskrifter kan vi sjå at jomfru Marias namn blir fjerna, såleis i «Dronning Dagmars død». I historikaren Svanings handskrift heiter det at ei av ternene ved hoffet tek fram og les i «sancte Marie bog» for å løyse opp for dronning Dagmars fødselssmerter. Men nokre tiår seinare hos Vedel (1591) er dette motivet gjort teologisk korrekt ved ei omformulering – den same terna «tog Bogen oc der vdi saae», heiter det no (DgF III: 207–218).

Agnus Dei (Guds lam) er ein hymne i den katolske messa. At barnet i denne balladen blir døypt med same namn, viser kor integrert katolisismen var i den norske folkekulturen. Eit uttrykk for det same er det når Agnus Dei gav opphav til *Agnestei*, eit sølvsmykke i folkekunsten. Smykket «ligner en Mynt eller Medaille, forsynet med Kjæde og tildeels med omhængende Løvværk» (Aasen).

Som Ådel Gjøstein Blom peikar på, er nemninga *Agnus Dei* ein metafor for Jesus, og ledd i den katolske liturgien: *Agnus Dei qui tollis peccata mundi, dona nobis pacem* (Guds lam som ber all verdsens synd, gje oss fred). Motivet med barnet som kjem flytande til lands assosierer vidare til Moses, som vart sett ut på Nilen i ei korg og seinare funnen av dotter til Faraos (Blom 1971: 207–210). Når

det gjeld jomfru Maria, sjølve kraftsentret i balladen, står ho fram med kjende karaktertrekk, ikkje minst den store medkjensla hennar overfor menneske i sjelenaud.

Utsyn 56

Oppskrift A

TSB B 23: Agnus Dei

Oppskrift: 1847 av Magnus Brostrup Landstad etter Anne Ånundsdotter Lillegård, Eidsborg, Telemark.

Orig. ms.: NFS M.B. Landstad 5, 17

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Jomfru Maria gek seg ned pa sand
– fyri follo –
der sag hon ded bani kom fljotans til lands
– tungt at troda [dansen under mollo] –
 2. hon tok det báni og bar det heim
{hon}dei kalla det ungan Agnos dei
 3. Alle Guds-englar dei sloge leik
sture sat ungan Agnos-dei.
 4. Fram kom jomfr[u] Maria plomekinn
Kvi site du sa sture kjær Gudsonen min
 5. Det er ki under eg sture má
far og mor i vanden stár
 6. Løys di mor otor vanden
lat din faren stande
 7. når eg måtte ráde
sá ville eg løyse dei báde
 8. Á høyre du agnos-Du kære Gudson min
løys so in at forældri din
 9. Alle Guds-Englane dei sloge leik
fyre dansar ungan Agnos-dei.
-

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Oppskrifta er gjord med blyant. I strofe 5 er ordet 'vanden' understreka med penn, med følgjande kommentar i margin: De skulde være Sødskende.

Trykt i Landstad 1853: 551. Stevet er utfylt etter den trykte utgåva.

Oppskrift B

TSB B 23: Agnus Dei

Udatert oppskrift av Halvor Sundbø? (jf. oppskrift C) etter Liv Halvorsdotter Huset, Flatdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 51, 7

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Inn kom Maria Plomekjinn
– fyri Follo –
Kvi sit du so stur, du Gusso'n min?
– Dæ so tongt trøa Dans onde Molo –
 2. Dæ no 'kje ondras, om eg site stur
aa eg heve avla dei Systemne tvo.
 3. Der æ bote mørkt aa kalt
der sjine so lite av Soli varmt.
-

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: Denni Visa lærde Guro Haugen (onde Sondbø) Mor av Liv Huse, av ein fra Subø i Aamotsdal. Han kva o i Svømnen. (Framhald med anna hand: han laag i Løu aa Jentune laag paa laaven aa kaam te liggje lye.)

Oppskrift C

TSB B 23: Agnus Dei

Oppskrift frå 1878 av Moltke Moe etter Halvor Sundbø?, Flatdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 4, 1d.

Utan oppgjeven tittel.

-
1. Inn kom Maria plomekinn
– fyri follo –
Kvi site du so stur du gusson min?
– D'æ so tongt trøa dans onde mollo –
 2. D'æ no kje ondras, om eg site stur
å eg heve avla dei systemne tvo.
 3. Der æ båte mørkt å kaldt
der skjine so lite av soli varmt.
-

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står: Visen kommen fra Ommersdal.

TSB B 26 Dei frearause menn

Innleiing

Eit skipsmannskap legg til havs ei julenatt, og det går ikkje betre enn at dei segler seg opp på eit skjer. Der blir skipet liggjande, og sjøfolka kjem ingen veg. Når provianten tek slutt, et dei først skorpe sine og sverd- og knivslirene. Deretter kjem dei på tanken om at nokon må ofrast for at dei andre skal kunne overleve, og dei kastar lodd om kven det skal bli. Loddet fell på styrmannen. Han blir drepen, men ingen orkar å ete noko av den døde kroppen. Sjøfolka fortviler, men dei får hjelp av jomfru Maria, som vil vere styrmann for dei:

Der kom ei jomfrú í fremre stavn:
«Eg sko' vere dikkos stýringsmann»
(Bugge [1858] 1971: 86–87).

Då kjem dei vel til lands og får tilgjeving for syndene sine.

Det finst eit titals variantar av «Dei frearause menn», alle frå Telemark. Balladen er også funnen i Danmark, Sverige og på Island. Sophus Bugge gjorde

fleire oppskrifter i Vrådalen, deriblant etter Targjei Targjeisson Kosi (f. 1809). Targjei Targjeisson hørde til ei kjend slekt av balladesongarar frå denne Telemarks-bygda. Han emigrerte til USA i 1861, men Bugge møtte han i 1857 og skreiv opp heile 44 balladar etter han. Når det gjeld «Dei frearlaus menn», skreiv Bugge opp denne også etter bror til Targjei, Torbjørn Targjeisson (Jonsson & Solberg 2011: 355–362). Bugge trykte varianten etter Targjei Targjeisson i *Gamle norske Folkeviser* (Bugge [1858] 1971: 84–87). Ein annan variant frå Vrådalen, denne etter Aslaug Targjeisdatter Askedalen, er trykt i Ådel Gjøstein Bloms *Ballader og legender* (Blom 1971: 228–235).

Handlinga varierer noko i dei nordiske variantane av balladen, men det er samanfall i hovudtrekka. Vésteinn Ólason peikar spesielt på den sentrale strofa når den døde styrmannen skal setjast på bordet for kongssonen på skipet. Kongssonen hører vi elles ikkje mykje om, og det kan tenkjast at strofer som gjeld han, har falle ut i tradisjonen. Dei parallelle strofene lyder slik:

Islandsk:

Tóku þeir lifur og lungu,
þeir báru fyrir konginn unga.

Norsk (Bugge):

Dei auste upp livr aa lungur,
dei bar for kungssonen den unge.

Dansk:

De skaare da ud hans Lever og Lunge,
De bare det frem for den unge Konge
(Vésteinn 1982: 138–142).

Bugge tenkjer seg at grunnen til at det går så gale med skipsmannskapet, er at dei overnaturlege og vonde maktene er særleg sterke om julenatta. Dette er vanleg folketro. Men Ådel Gjøstein Blom har truleg meir rett når ho peikar på at sjøfolka bryt helgedagsfreden, og at skipsforliset er straff for dette brotet på kristen framferd. Når dei så tek livet av styrmannen, blir synda dei har gjort seg skuldige i, endå verre. Til sist angrar dei syndene sine, og då først kan jomfru

Maria hjelpe dei ut av nauda.

Utsyn 175

DgF 537

IFkv 6

SMB 50

Oppskrift A

TSB B 26: Dei frearause menn

Oppskrift: 1856–1857 av Sophus Bugge etter Targjei Targjeison Kosi, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge III, 109–110 (reinskrift)

Oppgjeven tittel: Dei frearause Menn

1. Dei fann seg på så gali eitt Rå,
– Dei frearause Menn. –
dei siglde seg út dæn Jólenott.
– De Angreis Syninne av Nórlande^{v154} bede om Freden.
 2. Dei siglde seg ut på eitt líti Skjer,
í nie Vintrar låg dei der.^{v155}
 3. Dei låg der så lengje,
dei át upp både Segl å Strengjir.
 4. Dei át upp Balgjen^{v156} av sitt Svær,
dæ^{v157} va' så líti Mate vær.(t)ⁿ²⁰
 5. Dei át upp Skóen av sin Fót,
dæ^{v158} va' så líti Matevón.ⁿ²¹
- [Dei át upp] Sliri av sin Kniv
[dæ va' så] líte Mate í.

[Saa vilde de æde hverandre op og kasted Lod om hvem der først skulde til.]

6. Dæn fyste Gullterning, på Tavlbór rann,
dæ falt på deires Stýringsmann.
7. Dei hoggji han sund i Lytir sjau,

dei kasta han í ei Grýte á sau.

8. Dei auste dæ upp på eitt Fat,
dær^{v159} kunne ingjen^{v160} ete dærav.^{v161}

9. Dei auste upp Livr á Lungur,
dei bar for Kungssonen dæn unge.

[De fik vind.]

10. «Du stend upp Kungssonen fríe,
no blæse Byrren dæn blíe.»

11. «Eg^{v162} be'e te^{v163} Gud á hellig Ánd,
no hev me ingjen Stýringsmann.»

12. Dær kom ei Jomfrú^{v164} í fremre Stavn:
«Eg ska' vere dikkor Stýringsmann.»

(De kom vel til Lands og fik Naade for sine svære Synder).

Strofene er nummererte i oppskrifta. Strofa mellom strofe 5 og 6 er skriven til med blyant.

Under overskrifta står: (meddelt af Targjei Targjeison Kosi i Vraadal.)

Oppskrift B

TSB B 26: Dei frearlausé menn

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Dagne Ánundsdotter Lid, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 235–236 (kladd). Inga reinskraft.

Utan oppgjeven tittel.

1. Dei ville 'kje tru på Gud
– Dei nórklaedde menn. –
dei seiglde seg ut um jolenátt,
– De Alegrevens av Låland bede om Freden.–

2. Dei siglde seg på eitt líte skjér
í nie vintrar låg dei der.

3. Dei låg [der så] lengje
[dei åt upp både segl å] strengjer
4. [Dei åt upp] bali [av sitt] svær
der [va så lite] matevær
5. [Dei åt upp] slíri [av sin] knív
[der va så lite] mate derí.
6. Dei kasta gullterning ve tavelbór,
dei ville sjá, kven skulle ha' derí
7. Den fyste [gullterning på tavlbor rann]
[de falt på deires styrings]mann
8. Dei [hoggji han sund i lytir] sjú,
[dei kasta han i ei gryte å] sau
9. [Dei auste upp liver og] lungur.
[dei bar for kungsonen] unge.
10. [Dei auste det upp på eit] fat –
men han kunne ikkje ete derav.
11. Statt upp kungsonen fríe
no blæse byrren den blíe.
12. Hjelpe os Gud á hellig Ánd,
no hev me ingjen St[yringsmann]

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Austyttingane er løyste opp etter oppskrift A der oppløysinga ikkje er sjølvgeven.

Mellom denne og neste oppskrift i kladden står: (Visebokji) (Dagne)

Oppskrift C

TSB B 26: Dei frearlausé menn

Oppskrift: 1922 av Rikard Berge etter Svein Knutsson Tveiten, Bykle, Aust-Agder.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXCII, 3–4.

Oppgjeven tittel: Dei frearlòuse menn

1. Dei fann seg paa sò gali ei raa
– dei frealòuse menn –
dei rodde seg av ei joleftasnaatt.
– Dei Anngrimssønin' av Norlaand domnⁿ²² aa heimfre. –
2. Dei rodde seg upp mot Settlands øy
dei venta kji der sìn sikre dø.
3. Dei fròse seg fast ti Settlands strand,
dei maktas kji brjote dei fròsne baand.
4. Der laage dei sò lengje
at maten deires tok endi.
5. Dei aate upp skoren av sin fot
aa de sille ver' deires matabot.
6. Dei aate upp balgjen av sitt svær
aa [de sille ver' deires] matavær.
7. Dei aate upp slirì av sìn kniv
aa [de sille] ver' deires matalív.
8. Sò sette dei seg tì aa tevla
kven domen si' fyste paafedde.
9. Den fyste gullternìng paa tavlebor rann,
sò falt de paa deires styringsmann.
10. Sò lae dei hann paa sylvarfat
aa adde sò sille dei spise derav.
11. Sò meldte der mannen fraa høian mast
No lósna snekka aa baandì brast.
12. Sò meldte de mannen i kvíe:
No blæs'e vinden o' lio.
13. No driv'e kòss snekkje mot opì raak,
Kven styre skò no imot brand aa bròt?
14. No driv'e kòss snekkje fraa fròsì strand:
~~No driv'e kòss~~Kven styre skò no imot bròt aa brand.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Innleiing

Ein mann kjem heim frå tinget og blir helsa velkomen av dotter si, liti fru Kjersti. Ho spør kva nytt faren kan fortelje frå tingmøtet, og om korleis festarmannen hennar lever. Faren svarar at no har han endeleg fått vite kven ho eigentleg er, ho har drive både hor og mord. Liti fru Kjersti seier at dette er løgn, det er noko ei anna kvinne har funne på, ei som vil ha festarmannen hennar. Men faren trur ikkje dotter si og gjev ordre om at det skal lagast i stand eit bål, slik at ho kan brennast. Ikkje ein gong festarmannen fester lit til liti fru Kjersti, og det er han som kastar henne på bålet. Men elden slår til sides og brenner henne ikkje. Uskadd og reinvaska for dei falske skuldingane, går liti fru Kjersti frå elden, og faren gler seg over det.

Det finst berre ein variant av «Eldprøva». Denne skreiv Sophus Bugge opp i 1857 etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen (1792–1862) frå Skafså i Telemark. Torbjørg var ein av dei aller fremste songarane i Telemark, og Bugge skreiv opp heile 49 balladar etter henne. Om lag like kunnig var syster hennar, Signe Gjermundsdotter Napper (Jonsson & Solberg 2011: 540–544). «Eldprøva» er definitivt ein av dei balladane som song på siste verset i 1850-åra, jamvel om Bugge har notert at både Signe Napper og Asgjerd Olsdotter Bergland/Vislandskosi kunne brot av balladen (Blom 1982: 106–107). Alle dei tre kvinnene som kunne noko av «Eldprøva» ved midten av 1800-talet, var frå Skafså. Bugge trykte balladen i *Gamle norske Folkeviser* (Bugge [1858] 1971: 82–83).

«Eldprøva» finst også på dansk og svensk i eldre oppskrifter, frå 1500- og 1600-talet. Desse inneheld eit motiv som manglar i den norske teksten. Hovudpersonen går i kloster etter at ho har kome velberga gjennom eldprøva:

«Ieg weell nu iumfru Maary
saa sandelig gyffue min tro:
thett ieg well aldrig i iorderig
huoss nogen mand att buo»
(DgF II: 579).

Når liti fru Kjersti blir kasta på bålet, kan det oppfattast som ei form for

dødsstraff. Bålbrenning var ein utbreidd straffemetode overfor såkalla «hekser», frå seinmellomalderen og fram til 1600-talet. Dessutan kunne brotsverk på høgt nivå straffast med bålet, jf. domen over «den falske Margrete». Ho vart brend i Bergen i 1301 for å ha prøvd å overtyde styresmaktene om at ho var den rette prinsessa, Margrete Eiriksdotter – som eigentleg var død mange år tidlegare. Balladen «Margjit Runarborgji» (TSB C 22) handlar om Margrete Eiriksdotter. Bålbrenninga kan også oppfattast som ein appell til Gud, den høgste av alle rettsinstansar. Når elden ikkje skadar liti fru Kjersti, er det ein gudsdøm (Blom 1971: 217–227).

Utsyn 57

DgF 108

SMB 52

Oppskrift A

TSB B 29: Eldprøva

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen, Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge k, 17–20 (kladd)

Utan oppgjeven tittel. [v165](#)

1. Tungt æ dæ på Jori å liva,
førr dæn som i [v166](#) Sorgji æ [v167](#) bange [n23](#)
så seie ho liti Fru Kjersti
æ komi på kvor manns Tunge.
Dæ æ dæn Sama Sorg, dei hev me på logji så lengje.

2. Dæ va hennes sæle Fairen,
han kjeme av Tingji heim,
Dæ va liti Fru Kjersti,
ho møter sin Fader på [v168](#) Lei.

3. Vælkomen æ du min sæle Fairen
vælkomen av Tingji heim,
hot [v169](#) Tiend va dær på Tingji i dag

hoss liver min Festarsvein?

4. Du tar inkje liti Fru Kj[ersti]
trøa meg så imot,
eg heve Sannhet^{v170} ette deg spurt,
du hev drivi^{v171} bå Hór å Mór.

5. Gud bære deg min sæle Fairen,
som slíkeⁿ²⁴ monne trú,
dæ æ ei onná Kvinne, som hev meg på logji,
ho vi' mæ min Festarmann bú.

6. Du tar inkji liti Fru Kj[ersti]
fagne no meg så brått,
dær gjenge tolv Riddarar på Skógjen ut,
høgge f{ø}yr deg brennandes Bål.

7. Gud bære Så tók dei 'a liti Fru Kj[ersti],
sette hæna på Gangaren grå,
så førde dei hæna på Skogjen ut
alt ti dæn brennandes Bål.

8. Dær va' vent^{v172} å sjå uppå
dær Folafóten rann,
endå venare^{v173} lye på,
lill Kjersti i Søylen Sång.

9. Høyrer du dæ min Festarmann,
hott eg vi' deg no bea,
du hjelpe meg av denne jammerleg Dø,
du læt^{v174} meg på Jóri líva!

10. Dæ va hennes Festarmann,
han tók hæna i sitt Fang,
så kastar han hæna på Bålen ut
dær som dæ meste brann

11. Så tók 'en 'a líti Fru Kj[ersti]
kastar hæna på brennandes Bål,
Ellen dæn Spratt liti Kj[ersti] ifrå
hó skadde ikkje eitt einaste Hår.

12. Så tók 'en 'a liti Fru Kj[ersti]
kastar hæna på Ellen^{v175} dæn heite,
lill' Kjersti sat atte ei Møy så stolt,
Ellen^{v176} spratt langt burt i^{v177} Heio.

13. Æ Gla blei hennes sæle Fairen,

gla blei han dær han står,
no ser de dæ adde^{v178} bå stóre å små,
lill^{v179} Kjersti æ logji på.

Strofene er ikkje nummererte i kladden.

Reinskrift: NFS S. Bugge II, 166–167. I reinskrifta er strofene nummererte med penn, og med blyant er rekkjefølgda bytt om, såleis at ho dær er 1–3, 5–6, 4, 7–13.

Bugge har notert fleire variantar i sitt handeksemplar av Gamle norske Folkeviser (1858).

TSB B 31 Draumkvedet

Innleiing

Olav Åsteson har lege i ein lang svevn, frå julekvelden heilt til trettande dag jul. Når han vaknar, salar han straks hesten sin og rid til kyrkje for å fortelja folk kva han har drøymt. Det er ingen vanleg svevn, for Olav har opplevd ein visjon av livet etter døden, i «den andre heimen». Han har sett korleis syndige menneske blir straffa i skirselden, og sjølv har han vandra over tornemoar, der kvasse torner har flerra sund kappa hans og rive neglane av fingrane. Han har gått over Gjallarbrua, han har møtt «gullmor» si, truleg jomfru Maria, som set han på rett veg. Han har skjøna kor viktig det er å vise miskunn på jorda. Den som gjev mat og klede til dei fattige i levande live, vil få si løn etter døden. Endeleg kjem Olav til den siste domen, der Grutte Gråskjeggje – djevelen – møter fram frå nord med si svarte ferd. Frå sør kjem Jesus og «sankte sále Mikkjel» ridande i brodden for sitt skinande kvite følgje. Erkeengelen Mikael tek fram skålvekta si og veg alle syndesjelene til Kristus:

Og deð var sankte sále Mikkjel
han vóg i skálevigt,
sá vóg han alle synde-sjælinne

hen til Jesum Krist
(Landstad [1853] 1968: 88).

«Draumkvedet» står for seg sjølv blant norske mellomalderballadar. Ingen annan ballade er det forska og skrive så mykje om, knapt nokon annan ballade er så kjend blant folk flest. Det heng saman med fleire omstende. For det første fekk «Draumkvedet» tidleg status som nasjonalepos, det var ein tekst som hadde vakse fram av norrøne røter, som førte vidare den norrøn-katolske tradisjonen – og som samstundes stod støtt på egne føter. Vidare var det ein tekst på høgt litterært nivå som tok for seg djuptgripande menneskelege spørsmål, leitinga etter sanning og meining, tilhøvet mellom livet på jorda og det som kjem etter. Endeleg og ikkje minst, alle gåtene, alt som ikkje kan forklarast fullt ut, alt som ligg fascinerande i halvmørker i denne underlege balladen, utan direkte parallellar i Norden.

Det begynte i 1842 med læraren og klokkaren Nils Sveinungssons Draumkvede-tekst, ei samanraska form som ifølgje han sjølv inneheld «de mest mystiske, sværmeriske, overtroiske og gyseligste Fremstillinger og Skrækkebilleder» (Blom 1982: 115). Tre-fire år seinare skreiv så Landstad opp «Draumkvedet» etter tenestejenta Maren Olsdotter Ramskeid (f. 1817) frå Brunkeberg i Telemark. Landstad har tydelegvis fått vite om henne av andre, for han skriv i ein notis at ho «skal kunne af Draumkvædi» (Jonsson & Solberg 2011: 334–337). Maren hadde «Draumkvedet» i tradisjon etter faren og farfaren, fortel Landstad. I slekta til Maren hadde det tidlegare vore skrivande bønder og lensmenn, noko som talar for at det i Marens Draumkvede-tradisjon har vore skrift med i biletet (Solberg 2011: 75–76). Sjølv hadde Maren hamna i husmannskår, og saman med ektemann og to døtrer emigrerte ho til Amerika (1852). Landstads oppskrift etter Maren Olsdotter Ramskeid er hovudteksten til «Draumkvedet», og Landstad trykte ho som tekst B i *Norske Folkeviser*. A-teksten er samansett av oppskrifter etter fleire songarar (Landstad [1853] 1968: 65–96).

I 1847 skreiv så Jørgen Moe opp «Draumkvedet» etter Anne Ånundsdotter Lillegård (1792–1863) frå Eidsborg. På innsamlingsreisa i Telemark denne sommaren, la Moe merke til at det hadde lett for å kome inn strofer i den

einskilde Draumkvede-teksten som ikkje egentlig høyrde heime der, strofer med parodisk innhald, «travesterende Stancer, der af de fleste Sangere godtroende insereres mellem Digtets dristigste Stropher» (Moe 1964: 55). Også gamlestev har kome inn i Draumkvede-tradisjonen, har det vist seg, jamvel i Moltke Moes restitusjon.

Om lag på same tid som Moe, skreiv også Olav Grasberg opp «Draumkvedet» etter Anne Lillegård, og seinare er det skrive opp kring femti Draumkvede-tekstar, alle frå Telemark. Sidan «Draumkvedet» tidleg kom i søkelyset og vart etterspurt av sammlarane, må ein rekne med at trykte viseformer, først og fremst dei to i Landstads *Norske Folkeviser*, har verka attende på tradisjonen. Den eldste melodien vart skriven opp av Lindeman i 1840-åra etter Ivar Aasen, som hadde budd i Seljord i to-tre månader i 1845 hos Olav Olsson Glosimot (1786–1858), og kanskje lært melodien i bygda. Det er registrert bortimot tjuv melodioppskrifter til «Draumkvedet» (Ressem (red.) 2011: 285–299).

Dei første sammlarane og utgjevarane meinte at «Draumkvedet» var ein svært gamal ballade. Landstad skriv såleis at «dette Kvæde [...] upaatvivelig naar op til Kristendommens første Aarhundreder i Norden» (Landstad [1853] 1968: 65). Når dette var ei vanleg oppfatning, kom det dels av at ein knytte «Draumkvedet» tett opp til norrøn diktning, som det kristne visjonsdiktet «Sólarljóð», og elles til europeisk visjonsdiktning. Dels var grunnen at ein hadde førestellingar om balladen som ein mykje eldre diktsjanger enn han har vist seg å vera. Reaksjonane på denne altfor tidlege dateringane, var såleis lett forståeleg (Blom 1971: 244–254). Men det er likevel slik at «Draumkvedet» er eit katolsk dikt i heile sin tankegang og må vere dikta i ei tid då katolsk tru var sjølvsgd i Noreg, dvs. før reformasjonen. Til dette kjem det alderdomelege språket, som gjer at 1300-talet, den første og mest kreative fasen i norsk balladediktning, verkar som ei sannsynleg tilbliingstid.

Truleg var Jørgen Moe den første som klaga over at «Draumkvedet» mangla episk tråd, til skilnad frå dei fleste balladar (Moe 1964: 55). Det er då heller ikkje til å kome frå at stroferekkefølga varierer sterkt i dei ulike variantane. Men teksten etter Maren Ramskeid skil seg ut ved å leggje fram ei logisk og klart oppbygd draumeforteljing. Marens draumeforteljing er innramma av fem

innleiande minstrelstrofer, der vi får ein karakteristikk av Olav Åsteson, og av to sluttstrofer på dansk. Desse to strofene må truleg vere tildikta av ein eller annan protestantisk potetprest på 1700-talet, kanskje Skafså-presten Hans Mathias Abel, som Landstad nemner i *Norske Folkeviser*. Dei to sluttstrofene bryt med heile tendensen i «Draumkvedet» og vitnar om det presset som den gamle balladen vart utsett for etter reformasjonen.

Når det elles gjeld Maren Ramskeids Draumkvede-tekst, er han «så nær en originalvariant som vi kan komme – og ikke en lærd rekonstruksjon, slik som Moltke Moes versjon» (Bø 2002: 45). Mens syndarane hos Moe berre blir frelste førebels og må vente på den endelege domen, blir *alle* syndesjelene frelste i Marens variant. Det er eit truverdig uttrykk for mellomalderleg, folkeleg religiøsitet og har truleg vore der frå byrjinga.

Utsyn 49

Oppskrift A

TSB B 31: Draumkvedet

Oppskrift: Slutten av 1840-åra av Magnus Brostrup Landstad etter Maren Olsdotter Ramskeid, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms.fol. 1803 e:5, 1–2

Oppgjeven tittel: Draumekvæi

1. Olaf han va i Voxtern^{v180}
han va som ein Silljuronne
Far aa Mor dei ont en væl
ifra en tala konne.

2. Olaf han va i Voxtern
han va som ein Seljuteine
Faer aa Moir dei ont ho væl
fraa en kom i denni Heimen.

3. Han la sæg ne om Joleftansqvællen
den stærkan Svevnen fæk
han vakna inkje før om Trettandagjen

daa Folkje i Kjyrkjun gjæk
– Aa dæ va Olaf Aaknesonen som sovi hæve saa længje. –

4. Han vakna kje før om Tr[ettan] dagjen
daa Solli ran i Li
Idag vil æg te Kjyrkjune
fortællje vil æg Draumo mi.
–Dæ va o.s.v. –

5. Han vakna kje før om Tr[ettan] dagjen
daa Soli ran i Lii
daa salar han ut fljotan Folen
aa la paa dei forgjylte Milir.ⁿ²⁵
–Dæ va o.s.v. –

6. No stænde du før^{v181} Altraren
aa læg ut Texten din^{v182}
saa stænde æg i Kjyrkjedyndni
fortællje vil æg Draumen min.^{v183}

7. ⁿ²⁶Fyst va æg i Uttextiⁿ²⁷
æg for ivi Dyrering
sonde va mi Skarlakens kaape
aa Neglan a kvor min Fing
– For Maanen skjine aa Vægjene fadde saa vie –

8. Saa va æg i Uttextiⁿ²⁸
æg for ivi Dyretraa
sonde va mi Sk[arlakens] kaape
aa Neglan a kvor mi Ta.

9. Aa Gjeddarbroi den æ vond
aa inkje go aa gange
Bekkjune bite aa Ormane sting
aa Stutæne stænd aa stangar.
– For Maanen skjine etc. –

10. Der saag æg dei Ormane tvei
dei hoggje kvorare i Kjæfte
aa dæ va Syskjenboni i denni Heimen
dei mone kvorare ægte.

11. Æg hæv gjængje Voxmyren
dæ hæv kje stai mæg nokon Grund,
No hæv æg gjængje Gjeddarbroi
mæ rapa Mod i Mun.

12. Sæl æ dei i Foesheimen

den Fattike gjæve Skor
han tar no inkje bærføtte gange
paa kvasse Heklemoe.

13. Aa sæl æ dæn i F[oesheimen]
dæn Fattige gjæve Rug
han tar inkje somloug gange^{v184}
paa hoge Gjeddard Bru.

14. Aa sæl saa æ en i F[oesheimen]
den Fattike gjæve Kaan
han tar inkje ræddas paa Gjeddardbroi
fe kvæsse Stute Hòn

15. Sæl æ dei i Føesheimen
den Fattike gjæve Brau
han tar inkje ræddas i andre Heimen
fe lie noko Nau.

16. Sæl æ den i F[øesheimen]
den Fattike gjæve Klæi
han tar inkje ræddas i annen Heimen
anten for Spot hel Hæ'i.

17. Saa tok æg paa ein Vettars Ti
der Isæne vore blaa
men Gud skaut dæ i Hugjen min
at æg vendte der ifraa.

18. Saa tok æg paa ei Vettars Ti
alt paa mi Høgre Haand
saa saag æg ne te Paradiis
der lyser ivi vie Laand.

19. Saa saag æg mæg te Paradiis
dæ mone mæg inkje bære hænde
der kjænde æg atte Gudmo^{v185} mi
mæ røde Gul paa Hænde

20. Saa saag æg atte Gudmo mi
dæ mone mæg kje bete gange:
reis du dæg te Broksvalinⁿ²⁹
fe der sko Domen stande.
– Maanen skjine aa Vegjine faadde saa vie –

21. Saa mødte æg Mannen,
aa Kaapa den va Blo
han bar eit Barn onde sin Arm

i Jori han gjek te Knæ
– I Broksvalin dær sko Domen stande. –

22. Saa møte æg ein Man,
Kaapa den va af Bly
dæ va honoms arme Sjæl i denne Heimen
va trong i dyre Ti
– I Broksvalin – –

23. Der kom Færi norate
dæ tottes æg væra værst
fyry rei Grutte Graaskjæggje
han rei paa svartan Hest.
– I Broksvalin etc. –

24. Saa kom den Færi sonnate
dæ tottes mæg væra bedst
fyry rei sancte Saale-Mechael
aa næste Jesum Christ. –
– I Broksvalin der sko Domen stande. –

25. Saa kom den Færi sonnate
ho tosse me væra traas
aa fyry rei St. Saale Mechael
aa Luren onde Armen laag.
– I Broksvalin –

26. Dæ va St Saale Mechael
han blæs i Luren den lange
aa no sko alle Synde-Sjæline
fram fe Domen stande.

27. Men daa skolv alle Synde-Sjæline
som Aaspelauv for Vinde
aa kvor den, kvor den Sjæl der va
dei gret for sine Syndine sine.
– I Broksvalin – –

28. Og det var St. sále Mikkjel
han vóg med skálevigt
sá vóg han alle syndesjælene
hen til Jesum Krist. [n30](#)

29. Saa ~~vakna~~ æg vaagnede jeg den Trettende
omtrent ved Midnatstid
aa Gud bevare En og Hver
for at vandre i saadan Tid
– Dæ va Olaf Aakneson som sove hæve saa længe –

30. Saa vaagner jeg om Trettandagjen
af den lange Søvne
det er en Sjælefristelse
at falde i saadan Drømme.
– Aa dæ va etc. –

Strofene er ikkje nummererte i manuskriptet. Tittelen er skriven skrått øvst til venstre på arket. Over teksten står det: «Vil du mæg høire etc.» og under er det skrive med blå blyant. «Af Marn Ramskeid». Etter oppskrifta står det: af Maren Ramskei lært af sin Fader Ole Gulliksen Ramskei død for 15 Aar siden 77 Aar gl. – han lært den af sin Far.

Oppskrift B

TSB B 31: Draumkvedet

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter Anne Ånundsdotter Lillegård, Eidsborg, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 8, 25–28

Oppgjeven tittel: Draumkve

1. Vi du meg lye e kvea kan
Alt om dei kaate Drengjir
Alt om en Olaf^{v186} Haakenson,ⁿ³¹
Som sovi hæve saa længji.
– Maanen skjinn aa Vægjine dei falle vie –

2. Presten sto for Altarenⁿ³²
Les up Textine sine
Olaf Haakenson stend i Kjyrkedynne
Fortæle han Draumane vie.

3. E la meg ne om Joleftan
Aa daa sov eg saa længje
E vakna kje for om Trettandagjen
Daa Fuglane skok sine Vengjer.

4. Eg la meg ne om Joleftan
Aa stærkan Svemmen fek
Æg vakna kje for om Trettandagjen

Folkje i Kjorkjune gjik.

5. Eg vakna kje for om Trettandagjen
Soli ho rø' i Lie
Daa salar Olaf ut Fljotan Folen
Han ville at Kjorka rie.

6. «Æg hæv vøri bæ-U upette^{v187} me Skjy
Aa Neat paa Havsens Bonnar
Den som mine Fotspor ska fygje
Han lær kje a' blie Munnar.

7. De va meg den fyste Utreise
Eg drog gjennom Tynnormog
Sonder laut mi Skarlagskaapa
Va ny e heimate foer —

8. De va meg den are Utreise
Eg drog gjennom Tynnorring
Sonde laut mi Skarlags kaapa
Aa Naglen a kor min Fing

9. De va den are Utreisa
E drog genom Tynnorskog
Sonde gjek mi Skarlagskaapa
Aa Neglan a korje Fot

10. Kjæm e meg aat Manne dei
Dei blei naa fyste veⁿ³³
Lite Baan i Fangje bar
Gjek i Jore alt oponde Kne.

11. Kjæm e meg aat Manne dei
Hæv Hændar otor Bloé^{v188}
Gud naade di syndige Saaline
Ha' flytta Deild i Skogjé

12. Kjæm eg me aat Gjædder^{ar}broé
Ho hængje saa høgt i Vinde
Ho va fast me Krok slægje
Aa N naglè me korjom Tinde

13. Bikja beit aa Ormen stak
Stuten sto aa stanga
Eg slap ikje af Jæddarbroé
Før Domane dei kom vraange.

14. Der kjæm ei Fær her sonanté
Der rei sø naa saa tvist

Fyre rei St. Saale mi Michel^{v189}
Ette kom Jesum Khrist.

15. Der kom ei Fær her norante,
den rei naa saa kvast
Fyre rei Grutten Graaskjægja
Alt me sin svarte Hat.

16. Gjængje saa hæv e Gjæddarbroe
O tost 'ponde Skye hange
Aa vassa saa hæv eg Vaassemyrane^{v190}
Vægane faldt saa vrange^{v191}

17. Sæl æ den i denne Heimen
Fattike gjeve ~~Kaan~~ Klæé
Den ta'r inkje i are Heimen
Korkje vibre hel skjæve

18. Sæl æ den i denne Heimen
Fattike gjeve Sko
Han tar ikje barföt gangje
I kvasse Tynnar mo

19. Kom e meg aat Pilegrimskjrke
De va me ingjen Mand kjendt
Bære mi goe Sjukmoer^{v192n34}
Med røe Guldband kring Hænde

20. Saa kom e meg te Pilegrimskjrke
Der va meg ingen go
bære mi gamle Sjukmor
Hu ga meg nye Skor

21. Saa kom e meg aat Vaatnoⁿ³⁵
Der Isane brunne blaa
Gud skout meg saa godt i Hugjen
Eg vendte meg deri fraa.

22. Reiste e meg paa Betlarstigen
Vendte meg paa mi høgre Haand
Daa saag eg ind i Paradiis
Utivi dei vene Laand.

*Strofene er ikkje nummerert av Jørgen Moe, så nær som strofe 1 og 2.
Moltke Moe har sett til nummerering med raud blyant i venstremargen. Denne
nummereringa følgjer det som Jørgen Moe har notert i oppskrifta om*

rekkefølga på strofene. I høgre margen har Moltke sett til tilvisningar til Landstads A-tekst (i utg. 1853) med grå blyant.

Jørgen Moes tilvisningar til plassering av strofene er slik: Strofe 3 er skriven vertikalt i venstremargen på første sida. Ei stjerne markerer at ho skal inn over strofe 4. Strofe 2 står etter strofe 5, men er markert med to-tal i margen. Strofe 9 er skriven i venstremargen på andre sida. Ein kross markerer at ho skal inn over strofe 10.

Oppskrift C

TSB B 31: Draumkvedet

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Anne Targjeisdatter Skålen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge k, 118–126, 128–129 (kladd) og NFS S. Bugge III, 1–10 (reinskrift) [n36](#)

Oppgjeven tittel: Draugkveen [v193](#)

1. Ja vi du lye eg kvea kann,
eg kve um dei nyte Drengjir
eg kve um en Olav Åknesi [n37](#)
som sovi heve så lengje.
– Månen skine å Veginne fedde så víe. –

2. De va no um Joleftanen
sterkan Svevnen fekk,
ingjen av mine Vinir
som kunna meg uppvekkje.

3. Dæ va no um Jolef[tanen]
dei Laugevatni bar,
då måtte eg på Havsensbotnen
mæ salte Tårir har.

4. Dæ va no um Joleftanen
dei bar inn Kling å Kakur,
så m[åtte] eg p[å] H[avsensbotnen]
å sjå mæ Fiskjen vakjer.

5. Dæ va no um Joleftanen
dei bar inn Øl i Skål,
men ingjen av mine Vinir
kunna høyre på mitt Mål.
6. Eg la meg ne um Joleftanen
då sov eg så lengji,
eg vakna kje fyrr um trettandagjen
då Fuglanne skoke Vengjer.
7. Eg l[a] m[eg] n[e] u[m] J[oleftanen]
sterke Svevnen fekk,
eg v[akna] k[je] f[yrr] um T[rettandagjen]
då Fokkje i Kyrkja gjekk.
8. Presten stende på Predikstolen
legg ut Tekstinne síne,
Olav han stende fyr Kyrkjedygni^{v194}
fortel utav Draumanne sine.
9. Dæ va fyste utreisa mí,
igjenom ein Tynnyrmóge,
eg sleit sunde mi Skarlakskåpa,
aa Hui av kvor min Fóte.
10. Dæ va are Utreisa mí,
igjenom ein Tynnyr(e)ring'e,
eg sleit s[unde] mi Skarlakskåpe
å Hui av kvor min Finge.
11. Eg hev vori meg upp mæ Sky
å ne mæ Havi svarte
dæn som mi' Fotspori fydder
lær 'kje av bliom Hjarta.
12. Eg h[ev] v[ori] m[eg] u[pp] m[æ] Sky,
å ne mæ Havsens Bunne,
d[æn] s[om] m[i'] F[otspori] f[ydder]
[lær 'kje av bliom] Munni.
13. Eg hev v[ori] m[eg] u[pp] m[æ] Sky
å ne på Havi júpe,
de ville eg ynskje utav Gud
at eg kunna fjúke.
14. Ormen stinge å Bikkja bíte
å Stuten stend å stangar,
dær kjeme ingjen ivi Gjæddarbrói
fyr Domanne fedde vrånge.^{v195}

15. Håge æ den Gjæddarbrói
hó tist punde Skýi hange,
men endå verre dei Gaglemyranneⁿ³⁸
som eg måtte gange.

16. Tunge va dæn Granastigjen
ⁿ³⁹å gange
men endå verre den Gjæddarbroi
ho tist punde Skýi hange.

17. Sæl æ dæn i dessi Væri^{v196}
fatike låner Hús,
han tar 'kje ræast i aurom væri
å høyre på Ulvetút

18. Tunge så æ dæn Granastigjen
ⁿ⁴⁰ge
men endå verre den Lindarormen,
som tist meg i Hælanne hange.

19. Sæl æ dæn i dessi Væri
fatike hev gjevi Klæi,
han tar ikkje ræast i aurom Væri
fyr håge Kjellar Bræi.

20. Sæl æ dæn i d[essi] V[æri]
[fatike hev gjevi] Konn
[han tar ikkje ræast i aurom] Væri
bli stanga av Stútehonn.

21. Sæl æ d[æn] i d[essi] V[æri]
Konnmåli den kan auke
d[æn] t[ar] kje r[æast] i a[urom] V[æri]
på store Hundegaule.

22. Sæl æ d[æn] i d[essi] V[æri]
Vikti kan hadde ne
h[an] t[ar] kje r[æast] i a[urom] V[æri]
fyr Løvetennanne å se.

23. Ingjen Fugle fýke så høgt
som Gråduva mæ sine Ungar
ingjen Orme stinge så kvast
som falske Mannetungur.

24. Súme fere Eikjaråsen
sóme den Skålestrånd, ⁿ⁴¹
men dei som fara Jólehylen

dei koma væl v te fram.

25. D  va' s  tungt um Joleftanen
at eg sille sova s  lengji
eg vakna 'kje fyrr um Trettand[agjen]
d  Fuglanne sk ke Vengjer

26. D  va meg um Joleftanen
sterkan svevnen fekk
d  m tte en Manne m  B ne p  Armen bar
som gjekk i Jori te Knes.

27. Sutinne   s  Sorgjinne
dei blandar eg alt isama,^{v197}
Munnen l r   Hjarta'i gr te
de  ' no 'kje alt s  Gama.^{v198}

28. Sutinne   s  Sorgjinne
dei tr er eg unde min Fot,
ti glaere sko eg halle meg
ti mei d  gjeng meg im t.

29. Eg gjekk upp den Granastigjen
den va' s  tung   fara,
eg m tte upp p  dei store Klippi
  neri Bergedalar.

30. Eg s g meg den Fugleflokk
som  rnekl ar kr kte,
men enda verre den L verk la,
som adde p  meg s kte.

31. S  s g eg ei liti Hind
ho ville m  meg svala,
s  kom d r fram tvo Lindarormar,
som h na ville kvele.

32. S  gjekk eg upp p  en Bergeknatt^{PP},
  tenkte at eg skulle vinne,
me b re d n i Svevnen sk  fara,
d  gjenge meg addi av Minne.

33. Eg   d n eismadd i Verden
som sterkan Svevnen fanga,
men alli noken av mine Vinir
som kunna l yse meg oto B ndo.

34. S l   d n i dessi V ri
sine Foreldri  rer,

han tar kje ræddast i aurom Væri
fyr håge Kjellar Bræi

35. S[æ̀l] æ d[æ̀n] i d[essi] V[æ̀ri]
dæn Fatike ei foraktar,
h[an] t[ar] k[je] r[æast] i a[urum] V[æ̀ri]
fyr Løvenes Tann upptraktar.

36. Egⁿ⁴² va som en Fugl i Bur,
som gjønni vil vera frí,
her veit ingjen livandes
hot i annensmans Hjarta'i búr.

37. Eg æ nok den einaste,
som sterke Svevnen fanga,
som den enlig Fugl på Kvist
i Fugleburi fanga.

38. Så gjekk eg meg på Havets Strand
å mine Føtanne kvesste,
salte Tårir av Øine rann
å ingjen kunna meg vekkje.

39. Så gjekk eg meg på Havets Strand
dei grumme Løver på meg sette,
fram^{så} kjeme Lindarormen fram
å Løvernes Tennar knekte.

40. Eg va' meg hær norafjølls
dæ dreiv så mykje snjore,
eg fekk eg fat i Hindehamen
ti lappe mine Sko.

41. Eg va' meg hær nórafjølls,
dreiv 'en Snjóren kvíte,
fekk eg fat í dæn Bjønnehamen,
som aldri hae noken Líkje.

42. Så fekk eg fat í dæn Hindehamen,
å sveipte dæn kringum min Fót,
så kom hó fram dæn lisle Hind,
som Huggormen jaga ífrå.

43. Så gjekk eg fram dæn Skålestrand
å Hundanne tók ti gjøy,
men dæn som í Svevnen sko' fara,
d'æ som 'en kunna døy.

44. Så fór eg fram dæn Gaglemýr,

hó va' no så vónd á gange;
sá kom fram ein lítin Smádreng,
unde míne Føtanne helle.

45. Sá kjæm dei fram Smádrengjinne
á fesla míne Føtar;
men dæn som mí Fótspori fydder,
dæ blí 'kje gløymt, fyrr 'en dør.

46. Sá kjæm dei fram Smádrengjinne
á míne Finganne feslar;
eg sleit sunde mí Skarlaksskápa,
í Tynnyrringjen meg refsa.

47. Eg sleit sunde mí Skarlaksskápa
ígjenom dæn Tynnyrmóg'e,
fram kjæm adde Smádrengjinne,
dei helt unde kvor min Fót'e.

48. Sá såg eg dæn Fugleflokk,
som Ørnefjörir bar;
men dæn, som mí' Fótspori fydder,
dæn blíve så sjellan gla.

49. Sá gjekk eg meg på viddan Hei
i store Berg á Dalar,
men dæn som mí Fotspor fydder,
dæn má mæ Tunga tala.

50. Sá gjekk eg meg på viddan Hei
dæ^{eitt} Skógesnar så tykt,
dæ møtte meg bá Løvir á Bjønnir
men Livi behelt eg trygt.

51. Sá gjekk eg meg i Rosenslund
mæ fagre Gaukanne leika,
men dæn som mí Fótspori fydder,
han gjer 'kje anten kve hell kjeimar.

52. Sá sat eg upp i ei Lindegrein
som Fuglanne ha'e sitt Reii,
eg tenkte eg sille 'kje gjera Mein,
men Gaukjen fyrutta Meining.

53. Sá sat eg unde ei Lindegrein
som Fuglanne hae si Føa,
men den má inkje gjera Mein,
som Fuglanne gjer ti Nøgjes.

54. Så va' eg uppå den Bergetopp
som Skorpejonen monne fara,
dæ va dæn største Glei
mæ fagre Gaukanne gala.

55. D'æ dæ meste eg beer um
at ingjen mi Forspori fydder
men d'æ den støsti Glei eg veit,
at fagre Gaukanne gala.

56. Eg hørde på den Hundegaul
i míne langsomme Dagar,
men eg æ' dæn einaste í Verden,
som så hev blivi plaga.

57. Mine Foreldres Opdragelse
så go' dæn monne vera,
men enten i Plage hell stóre Ve,
som mig i Verden erfaret.

58. Så såg eg dæn Fugleflokk
í Lindegreininne g fara;
Gud give jeg måtte i min Faders Går
fullende mine Dage!

59. Den største Sorg i Søvnen bær,
som smerter end mit Hjerte,
at min Fader og Moder kjær
av Søvnen mig ei kan vekke.

60. Sæl æ' dæn í dessi Væri
Vigt å Mål de ei vrakar,
han tar 'kje ræast í aurom Væri
i Ørnekløanne taka.

61. Sæl [æ' dæn í dessi Væri,]
Fatike dæn kann gjeva,
han tar ['kje ræast í aurom Væri]
dæn hægste í Himmerig vera.

62. Eg såg no dæn Løveflokk,
som ville dæn Slangjen uppeta;
i min Søvne jeg tenker om,
at jeg í min Heim monne vera.

63. Eg gjekk meg í Rósenlund,
som adde dei Løver mon vera,
men tungt æ' dæ í dessi Væri
míne Skjæbnen bera.

64. Eg va' meg hær nórafjólles
í så stór ein Kull;
dæn som mi' Fótspori fydder,
han æ meg vist tró á hull.

65. Eg va' meg hær nórafjólles
í så stór ein Kvíe;
Ormevrímlen í Føtanne stakk,
eg måtte på Hesten ríe.

66. Eg va' meg hær nórafjólles
mæ stór Sorg á ~~Sút~~^{Harm};
dæ va' meg te Møia lagt
í stór Sút á Hæ Savn.

67. Eg va' meg hær nórafjólles
alt på dei Bjørgeklippi;
dær hørde eg mæ Lerken sang,
dæ va' meg te Letti.

68. Eg va' meg hær upp mæ Ský
á ne mæ klare Grunnar;
men dæn som mí Fótspori fydder,
han lær 'kje av blíom Munne.

69. Eg la' meg ne um Jóleftanen,
mæ dei andre túra;
men dæn som mí Fótspori fydder,
dæn má 'kje av Hjarta stúre.

70. Eg la' meg ne um Jóleftanen,
sat í myrke Hús
vakna 'kje fyrr um Trettandagjen
mæ stór Sorg á Sút.

71. Eg la' meg ne um Jóleftanen,
dær va' væl mange meg saknar;
eg vakna 'kje fyrr um Trettandagjen,
då Fókkji dæ va' samla.

72. Presten stende på Predikstólen,
legg út Tekstinne síne;
Ólav han stende fyr Kyrkjedyppi,
han græt útav Draumanne síne.

73. Presten stende på Predikstólen,
på alt Fókkji han staggjar;
Ólav han stende fyr Kyrkjedyppi,
mæ síne Draumar uppvaknar.

74. Dei som fere Eikjaråsen,
dei fara mæ Tút å Skrål;
menn dei som fara Jólehylen,
dei fara mæ tunge Mål.
– Månen skíne å Vegjinne fedde så víe. –

Strofene er ikkje nummererte i kladden, men i reinskriфта. Kladden er mangelfull, så strofene 41–48 og 56–74 er transkriberte etter reinskriфта. Ved sidan av tittelen i reinskriфта har Bugge skrive: (meddelt af Anne Skaalen i Mo, som havde lært den af Hallvor Bjaaen i Bykle, født i Vinje.) [Meget forkvaklet, men særdeles mærkelig Optegnelse.] [Versordenen i sidste 6 Linier^{efter hendes eget Sigende} ikke sikker] Anne er upaalidelig og ikke sanddru: hun kan vel have lavet noget hist og her paa egen Haand.

Oppskrift D

TSB B 31: Draumkvedet

Oppskrift: ca. 1870 av Hallvard Gunnleikson Heggveit etter ukjend songar, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS H.G. Heggveit 1, 1–3.

Oppgjeven tittel: Stumper af Draumkvædet.

-
1. Eg lae mig ne' om Joleftaen
og sterkan Svevnen fek
eg vakna kje atte før Trættandagjen
da Folkje te Kjørkjune gjek.
 2. Eg vaknað kj at om Trættandagjen
saa go betis naar Soli ran i Lie
sa[a] sala han ut Folen sin
lae paa [for]gjyldte Mileⁿ⁴³
 3. I Dag vi eg te Kjørkjune
fortelja Dr[au]mene mine.
Stat naa du Prest r[...] for Altaren din
aa leg ut Textin[e dine]
mæ eg stænd i Kjorkjedynni

forte[le Drau]manne mine

4. De fyste va me i Utext
me gjek ivi Dynne-Tra
Sonde va mi Skarlagenskap[pe]
aa Neglanne af kvor mi Taa

5. De fyste me va i Utext
eg gjek ivi Dy[nne-] Ring
sonde va mi Skarlakenskaape
aa Neglan af kvo[r] min Fing.

6. Eg heve gjengje Gjeddarbroi
ho æ vond aa inkje go aa gange
Ormæne hogge aa Bikkjunne bite
aa Stutane stænd aa stangar
Ingjen sleppe naa derin
for Domen felle for Mange.

7. Sæl æ den i Fyriheime
den Fateke gjeve Klæe
Han tar inkje ræddas i aano Heimen
anten fe Spot eller Hæe.

8. Sæl æ den i Fyriheimen
den Fateke [g]jeve Sko
han tar inkje berfotte gange
paa kvasse Hellemo.

9. Sæl æ den i Fyriheimen
den Fateke gjeve Konn
han tar inkje ræddas i aanno Heimen
fe kvasse Stutehon.

10. Sæl æ den i Fyriheimen
den Fateke gjeve Rug
han tar inkje berfotte^{somluge} gange
paa [hø]ge Gjeddarbru.

11. [S]aa kom eg til Mannen den
Kappa va [g]jord af Blo
de æ den støste Sond aa som æ te
aa myre Mannen i Skog.

12. Saa kom eg til Mannen den
Kappa va gjord af Bly
De va han Sante Sæle Mekkjel
han va har i tronge Ti.

13. Saa kom eg te Ormænne tvo
dei hogje [k]vorandre i Tan[ne]ⁿ⁴⁴

— —

14. Saa kom eg te Ormenne tvo
dei hogje kvorandre i Kjeftē
de va naa dei Sysjenne tvo
i denne Heimenⁿ dei tok kvorandre te Egte.

15. Saa kom eg te Isen den
aa Vatne der va blaa
Gud skaut de i Hugjen min
eg vände herifra.

16. Eg tog paa min Ventersti
og paa mi hogre Haand
Daa saag eg meg i Paradis
de lyster i kvor den Laan.

17. Saa kom eg te Pilegremskjærkje
og ingjen der meg kjænde
Eg saag atte Gudmo mi
rot Gul bar ho paa Hænde.

18. Saa kom Færi Sønnate^{Noratte}
den tyktes meg væra ~~traa~~ verst
Fyri rei Grutte-Graaskjeg
alt paa sin svarte Hest.

19. Saa kom Færi Sonnatte
den tyktes meg vera best
Framste rei Sante ~~Sante~~ Sæleme[kkjel]
og dernæst Jesum Krist.

20. De va Sante Sæle Mekkjel
han bles [i] Luen den Lange
Dei ska fram all[e] Sjæline
fe Dommen skaa dei gang[e]

21. De va Sante Sæle Mekkjel
han blæste i Skaalevekt
dei skaa vek alle Sjælene
he[n] teⁿ Hemmerik.

*Papiret er sprøtt, og bitar har knekt av i kantane fleire stader. I
transkripsjonen har vi fylt ut det som er borte i samsvar med andre oppskrifter.*

Oppskrifta er skriven med penn, og med nummerering av strofene. Verslinene er skrivne fortløpande. Over oppskrifta har Moltke Moe skrive med blyant: Optegnet af H.G. Heggtveit på Brunkeberg (c. 1870). Og under tittelen har han skrive: (se længer udi: Begyndelsen af Draumkvæe). Disse strofene står på s. 13:

Olaf va i Voxtro
som ein Seljuronn[e]
Fae aa Moe honoms fe onte honom væl
ifraa han tala konne
– Ja de va Olaf Aakneson som sove hae so længjo. –

Olaf va i Voxtro
som ein Seljutein
Fae aa Moe honoms onte honom væl
ifra han kom te denne Heim

Forkortingar og litteratur

CCF: *Corpus Carminum Færoensium. Føroya kvæði I–VI*. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1941–1972

Child: *The English and Scottish Popular Ballads I–V*. Red.: F.J. Child. New York 1882–1898 (ny utg. 1965)

DFS: Dansk folkemindesamling

DgF: *Danmarks gamle Folkeviser I–XII*. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1853–1863 (ny utg. 1966)

EFA: Etno-folkloristisk arkiv, Seksjon for kulturvitenskap, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

FSF: *Finlands svenska folkdiktning V*. Red.: O. Andersson. Helsingfors 1934

IFkv: *Íslenzk Fornkvæði I–VII*. Red.: Jón Helgason. København 1962–1981

NB: Nasjonalbiblioteket, Oslo

NFS: Norsk Folkemminnesamling, Institutt for kulturstudier, Universitet i Oslo

SMB: *Sveriges Medeltida Ballader* 1–5. Red.: B. Jonsson m. fl. Stockholm 1983–2001

TGM: Telemark og Grenland museum

Utsyn: *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Red.: L. Heggstad m. fl. Kristiania 1912

*

Andersson, Otto (red.) 1934. *Finlands svenska folkdiktning*. Bind V: *Folkvisor 1. Den äldre folkvisan*. Helsingfors. Svenska litteratursällskapet i Finland.

Barnes, Michael 1974. *Draumkvæde. An Edition and Study*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Blom, Ådel Gjøstein 1971. *Ballader og legender fra norsk middelalderdiktning*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Blom, Ådel Gjøstein 1982. *Norske mellomalderballadar 1. Legendeviser*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Bugge, Sophus [1858] 1971. *Gamle norske Folkeviser*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Bø, Gudleiv og Magne Myhren 2002. *Draumkvedet. Diktverket og teksthistoria*. Oslo. Novus.

Celander, Hilding 1950. *Stjärngossarna: deras visor och julspel*. Nordiska Museets handlingar 38. Stockholm.

Child, Francis James [1882–1898] 1965. *The English and Scottish Popular Ballads* I–V. New York. Dover.

Dybdahl, Audun 1999. *Helgener i tiden*. Trondheim. Norges teknisk-

naturvitenskapelige universitet.

Faye, Andreas [1833] 1844. *Norske Folke-Sagn*. Guldberg & Dzwonkowskis Forlag. Christiania.

Grundtvig, Svend, Jørgen Bloch og Chr. Matras (red.) 1941–1972. *Føroya kvæði : Corpus carminum Faeroensium I–VI*. København. Munksgaard.

Grundtvig, Svend, Axel Olrik m. fl. (red.) [1853–1863] 1966. *Danmarks gamle Folkeviser I–XII*. København. Gyldendalske Boghandel.

Heggstad, Leiv og H. Grüner-Nielsen 1912. *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Kristiania. Olaf Norlis Forlag.

Jón Helgason 1962–1981. *Íslenzk Fornkvæði I–VII. Editiones Arnarnagnæanæ*. Series B vol. 17. København. Munksgaard.

Jonsson, Bengt R. 1996. *Om Draumkvædet och dess datering*. Särtryck ur *Sumlén. Årsbok för vis- och folkmusikforskning 1994–1995*. Stockholm. Svenskt Visarkiv.

Jonsson, Bengt R. og Olav Solberg 2011. «*Vil du meg lyde*». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet*. Oslo. Novus.

Jonsson, Bengt R., Svale Solheim og Eva Danielson 1978. *The Types of the Scandinavian Medieval Ballad*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Landstad, Magnus B. [1853] 1968. *Norske Folkeviser*. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Universitetsforlaget.

Moe, Jørgen 1964. «Indberetning fra Cand. theol. Jørgen Moe om en af ham i Maanederne Juli og August 1847 med offentligt Stipendium foretagen Reise gjennem Thelemarken og Sætersdalen, for at samle Folkedigtninger». I: *Tradisjonsinnsamling på 1800-talet*. Oslo. Universitetsforlaget.

Oftelie, Torkel 1909. *Telesoga*. Fargo. Telelage i Amerika.

Pontoppidan, Erik [1736] 1923. *Fejekost*. Utgave ved Jørgen Olrik. København. Det Schønbergske Forlag.

Ressem, Astrid Nora (red.) 2011. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 1. Oslo. Norsk visearkiv/Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.

Skar, Johannes 1965. *Gamalt or Sætedal*. I. Oslo. Det Norske Samlaget.

Solberg, Olav (red.) 1989. *Engelbret Michaelsen Resen Mandt. Historisk Beskrivelse over Øvre Tellemarken*. Espaa. Lokallhistorisk Forlag.

Solberg, Olav 2011. «'Paa gammelt Maal og paa Pergament'. Har det funnest ein skriftleg norsk balladetradisjon?». *Maal og Minne*, hefte 2. Oslo. Novus.

Unger, C.R. (red.) 1877. *Heilagra Manna Sögur*. Christiania.

Vedel, Anders Sørensen 1591. *It Hundrede vduaalde Danske Viser, Om allehaande Merckelige Krigs Bedriff, oc anden seldsom Euentyr, som sig her vdi Riget, ved Gamle Kemper, Naffnkundige Konger oc ellers forneme Personer begiffuet haffuer, aff arilds tid indtil denne neruærendis Dag*. Ribben. Hans Brun.

Vésteinn Ólason 1982. *The Traditional Ballads of Iceland*. Reykjavík. Stofnun Árna Magnússonar.

Wiers-Jenssen, Hans og Haakon Hougen 1993. *Stjernespill og stjernesang i Norge*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 138. Oslo.

Noter:

[n1](#). *Samlarkommentar*: (sic). *I reinskriфта står*: [her med langt i]

[n2](#). *Samlarkommentar*: den skindklædte lægger sig ned

[n3](#). *Etter dei tre orda viser Bugge til andre oppskrifter («Targjei 2» og «Targjei 3»)*. Dette må vere dei to siste strofene i NFS S. Bugge IV, 23.

- [n4.](#) *Samlarkommentar: aab. o*
- [n5.](#) *I kladden står strofe 14 og 15 ombytt, men med V. 1 og V. 2 skrive over som ombytingsteikn. Strofene er ikkje ombytte i reinskrifta.*
- [n6.](#) *Samlarkommentar: sic*
- [n7.](#) *Samlarkommentar: (sic)*
- [n8.](#) *Samlarkommentar: låkur (aab.)*
- [n9.](#) *Andre omkvedet står etter den andre strofa i kladden. Siste ordet manglar etter andre strofa.*
- [n10.](#) *Samlarkommentar i reinskrifta: (Dagligtalen siger Jos)*
- [n11.](#) *Over lina står det: for di*
- [n12.](#) *Utydeleg på grunn av sulkete papir og overskriven tekst.*
- [n13.](#) *Samlarkommentar i reinskrifta: («Dei» hedder det med Eftertryk, ellers «de»*
- [n14.](#) *Samlarkommentar: (aab. i)*
- [n15.](#) *Samlarkommentar: (aab)*
- [n16.](#) *Samlarkommentar: (aab.)*
- [n17.](#) *Samlarkommentar: (sic)*
- [n18.](#) *Samlarkommentar: væve*
- [n19.](#) *Samlarkommentar: træt ~~Mødighed~~*
- [n20.](#) *Samlarkommentar: Matevær? (Madværd, surrogat)*
- [n21.](#) *Samlarkommentar: liten Matemón?*
- [n22.](#) *Samlarkommentar: Sò sae Haddvaar.*
- [n23.](#) *Samlarkommentar i reinskrifta: opr. av Sorgji æ tvungji??*
- [n24.](#) *Samlarkommentar: sic!*
- [n25.](#) *Etter ordet står: "e".*
- [n26.](#) *Til venstre over linja står det: Æg drømde*
- [n27.](#) *Samlarkommentar: Ut-Exti. cfr. oldn. vixtr som nok betyder: fra sig selv. Cfr Fagurskinna Pg 32. «at han myndig vixter vera.» *Sitat frå P.A. Munch & C.R. Unger (red.) 1847. Fagrskinna. Kortfattat norsk Konge-Saga fra Slutningen af det tolfte eller Begyndelsen af det trettende Aarhundrede.. Forelæsnings-**

Katalogen for 2det Halvaar 1847. Christiania: Malling. Over linja står: at ikta, snappe efter Veiret. (sukke øg hixta) cfr. ixte-Thel, snappe efter Veiret. I Norske Folkeviser skriv han: Betydningen af út-exti (eller maaskee út-texti) kjender jeg ikke; efter Sammenhængen maa man antage at derved betegnes en Tilstand af Henrykkelse eller Aandsfraværelse. Sml. Oldn. ikta (Thelem. ixte), snappe efter Veiret.

[n28](#). *Samlarkommentar: (cfr. ogs. Atlamál i Edda pg. 156 og 159) œxti (œ retta frá: ö). Landstad har brukt: P.A. Munch (red.) 1847. Den ældre Edda. Samling af norrøne Oldkvade indeholdende Nordens ældste Gude- og helte-Sagn. Forelæsnings-Catalogen for 1ste Halvaar 1847. Christiania: Malling.*

[n29](#). *Etter ordet står det: (B.Brokka)?*

[n30](#). *Denne strofa står til slutt med blå penn og kryss som viser plasseringa.*

[n31](#). *Samlarkommentar: andre: Aasteson*

[n32](#). *Samlarkommentar: Predikstolen*

[n33](#). *Samlarkommentar: vare?*

[n34](#). *Samlarkommentar: Stifm.*

[n35](#). *Samlarkommentar: Vandene*

[n36](#). *Kladden er mangelfull, så strofene 41–48 og 56–74 er transkriberte etter reinskripta.*

[n37](#). *Samlarkommentar i reinskripta: En Mand i Vinje: (Olav) Aasnesi, saa hed, sagde han [dvs. Halvor Bjåi], en Gaard paa Rauland-stranden.*

[n38](#). *Samlarkommentar i reinskripta: Kvædersken opfattede det som Myrer, hvor Fugle holde til, der ligesom de andre Udyr plage Olav.*

[n39](#). *Byrjinga av verselina manglar, jf. t.d. strofe 9 i oppskrift A: «å injke go å gange»*

[n40](#). *Byrjinga av verselina manglar, jf. t.d. strofe 9 i oppskrift A: «å injke go å gange»*

[n41](#). *Samlarkommentar i reinskripta: Saa skal et Sted hede paa Raulandstranden.*

[n42](#). *Retta frå: G*

- [n43](#). *Samlarkommentar*: Mile ?: Saleð
- [n44](#). *Slutten av ordet er borte*.
- [v1](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта*: hednekungen
- [v2](#). *Reinskriфта har*: hvor
- [v3](#). *Retta frá*: se (overskriving)
- [v4](#). *Retta frá*: og (overskriving)
- [v5](#). *Tittel i reinskriфтene*: Dragen.
- [v6](#). *Alternativ lesemåte*: at beblande (Tone)
- [v7](#). *Alternativ lesemåte*: Jomfrublodet beblandet idag (T.)
- [v8](#). *Alternativ lesemåte*: idag
- [v9](#). *Alternativ lesemåte*: Hun trøkte (T.)
- [v10](#). *Alternativ lesemåte*: Hovud (T.)
- [v11](#). *Alternativ lesemåte*: med dit
- [v12](#). *Alternativ lesemåte*: de brast over alle de Murer
- [v13](#). *Alternativ lesemåte*: din Datter så bold (T.)
- [v14](#). *Tittel i reinskriфта*: Sanct Georg og Dragen
- [v15](#). *Alternativ lesemåte*: utí
- [v16](#). *Alternativ lesemåte*: himmeríkji
- [v17](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта*: inkji
- [v18](#). *Alternativ lesemåte*: renne
- [v19](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта*: gulltærninganne
- [v20](#). *Alternativ lesemåte*: renne gulltærning på tavelbór
- [v21](#). *Alternativ lesemåte*: sveiper sit hovu
- [v22](#). *Alternativ lesemåte*: Høyrer
- [v23](#). *Alternativ lesemåte*: høgri
- [v24](#). *Alternativ lesemåte*: å
- [v25](#). *Alternativ lesemåte*: hånóm
- [v26](#). *Alternativ lesemåte*: annó
- [v27](#). *Alternativ lesemåte*: sko

- [v28](#). *Alternativ lesesmåte*: dóttire mi
- [v29](#). *Alternativ lesesmåte*: her
- [v30](#). *Alternativ lesesmåte*: mi beini inni
- [v31](#). *Alternativ lesesmåte*: den
- [v32](#). *Alternativ lesesmåte*: sin
- [v33](#). *Truleg feil for*: fremmer *jf. Vedels hundrevisesbok (1591)*
- [v34](#). *Alternative lesesmåter*: ville, villa
- [v35](#). *Alternativ lesesmåte*: grønne
- [v36](#). *Alternativ lesesmåte*: dei
- [v37](#). *Alternativ lesesmåte*: skibe
- [v38](#). *Alternativ lesesmåte*: floden
- [v39](#). *Alternativ lesesmåte*: gullkrona
- [v40](#). *Alternativ lesesmåte*: trillar (T.)
- [v41](#). *Alternativ lesesmåte*: dei
- [v42](#). *Alternativ lesesmåte*: trilla
- [v43](#). *Alternativ lesesmåte*: rende
- [v44](#). *Alternativ lesesmåte*: dei
- [v45](#). *Alternativ lesesmåte*: hentar
- [v46](#). *Alternativ lesesmåte*: forgylde
- [v47](#). *Alternativ lesesmåte*: jomfruer å piger
- [v48](#). *Retta frá*: d (*ved overskriving*)
- [v49](#). *Retta frá*: l (*ved overskriving*)
- [v50](#). *Retta frá*: kongji (*ved overskriving*)
- [v51](#). *Retta frá*: »V (*ved overskriving*)
- [v52](#). *Alternativ lesesmåte*: vegjen
- [v53](#). *Alternativ lesesmåte*: bee
- [v54](#). *Alternativ lesesmåte*: den
- [v55](#). *Alternativ lesesmåte*: for
- [v56](#). *Alternativ lesesmåte*: ha'

- [v57](#). *Alternativ lesemåte: ha'*
- [v58](#). *Alternativ lesemåte: draup*
- [v59](#). *Alternativ lesemåte: då*
- [v60](#). *Tittel i reinskriфта: Stolt Olav aa stolt Margjit*
- [v61](#). *I reinskriфта er namnet retta til Margjit her og elles.*
- [v62](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта og til siste strofa i kladden: For*
- [v63](#). *Alternativ lesemåte: aa lyg I reinskriфта står det eit to-tal føre varianten, noko som tyder på at Ragnhild har sunge balladen to gongar for Ross, og at ho song det slik andre gongen.*
- [v64](#). *Alternativ lesemåte: myrær I reinskriфта står det eit to-tal føre varianten, noko som tyder på at Ragnhild har sunge balladen to gongar for Ross, og at ho song det slik andre gongen.*
- [v65](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта: heim heim [sic!] alt*
- [v66](#). *Feil for: Kirsten*
- [v67](#). *Alternativ lesemåte: søve*
- [v68](#). *Alternativ lesemåte: mine*
- [v69](#). *Alternativ lesemåte: stakkjen blå*
- [v70](#). *Alternativ lesemåte: derpå*
- [v71](#). *Alternativ lesemåte: at*
- [v72](#). *Alternativ lesemåte: røvarar*
- [v73](#). *Alternativ lesemåte: ditt*
- [v74](#). *Alternativ lesemåte: etti*
- [v75](#). *Alternativ lesemåte: lei*
- [v76](#). *Alternativ lesemåte: der*
- [v77](#). *Alternativ lesemåte: Kvåre*
- [v78](#). *Alternativ lesemåte: hennar*
- [v79](#). *Feil for: sin*
- [v80](#). *Alternativ lesemåte i reinskriфта: silkjeserk*
- [v81](#). *Alternativ lesemåte: gvide*

- [v82](#). *Alternativ lese måte i reinskriфта*: klæi hennars
- [v83](#). *Alternativ lese måte*: Å
- [v84](#). *Alternativ lese måte i reinskriфта*: So sa'en de:
- [v85](#). *Alternativ lese måte i reinskriфта*: So drakk dei
- [v86](#). *Alternativ lese måte*: Dua
- [v87](#). *Alternativ lese måte*: sættø
- [v88](#). *Alternativ lese måte*: sæ'
- [v89](#). *Alternativ lese måte*: hon
- [v90](#). *Alternativ lese måte*: syngør
- [v91](#). *Alternativ lese måte*: so
- [v92](#). *Alternativ lese måte*: um
- [v93](#). *Alternativ lese måte*: sennø
- [v94](#). *Alternativ lese måte*: us
- [v95](#). *Alternativ lese måte*: O høir du Torø liti
- [v96](#). *Alternativ lese måte*: o lyste
- [v97](#). *Alternativ lese måte*: følji aav
- [v98](#). *Alternativ lese måte*: aav
- [v99](#). *Alternativ lese måte*: Kungesaan
- [v100](#). *Alternativ lese måte*: fri'r
- [v101](#). *Alternativ lese måte*: høir
- [v102](#). *Alternativ lese måte*: Torø liti
- [v103](#). *Alternativ lese måte*: O lyste
- [v104](#). *Alternativ lese måte*: følji or
- [v105](#). *Alternativ lese måte*: følji or Lande
- [v106](#). *Alternativ lese måte*: Ein Kungesaan
- [v107](#). *Alternativ lese måte*: truløft
- [v108](#). *Alternativ lese måte*: Torø liti
- [v109](#). *Alternativ lese måte*: Huvu
- [v110](#). *Alternativ lese måte*: o

- [vi11](#). *Alternativ lese måte: so*
- [vi12](#). *Alternativ lese måte: før*
- [vi13](#). *Alternativ lese måte: Mo'ern*
- [vi14](#). *Alternativ lese måte: Torø liti*
- [vi15](#). *Alternativ lese måte: Huvu*
- [vi16](#). *Alternativ lese måte: o*
- [vi17](#). *Alternativ lese måte: so*
- [vi18](#). *Alternativ lese måte: før*
- [vi19](#). *Alternativ lese måte: faer*
- [vi20](#). *Alternativ lese måte: Torø liti*
- [vi21](#). *Alternativ lese måte: fæk*
- [vi22](#). *Alternativ lese måte: Tuppen*
- [vi23](#). *Alternativ lese måte: O*
- [vi24](#). *Alternativ lese måte: dau*
- [vi25](#). *Alternativ lese måte: uprenner*
- [vi26](#). *Alternativ lese måte: So*
- [vi27](#). *Alternativ lese måte: Likø*
- [vi28](#). *Alternativ lese måte: Dei*
- [vi29](#). *Alternativ lese måte: ran*
- [vi30](#). *Alternativ lese måte: So*
- [vi31](#). *Alternativ lese måte: Liko*
- [vi32](#). *Alternativ lese måte: Kjyrkjile*
- [vi33](#). *Alternativ lese måte: føllo*
- [vi34](#). *Alternativ lese måte: So*
- [vi35](#). *Alternativ lese måte: dei*
- [vi36](#). *Alternativ lese måte: Likø*
- [vi37](#). *Alternativ lese måte: Kjyrkji Gølv*
- [vi38](#). *Alternativ lese måte: ringi*
- [vi39](#). *Alternativ lese måte: Torø liti*

- [vi40.](#) *Alternativ lese måte:* Døre
- [vi41.](#) *Alternativ lese måte:* Fingadn
- [vi42.](#) *Alternativ lese måte:* O
- [vi43.](#) *Alternativ lese måte:* Jamfru
- [vi44.](#) *Alternativ lese måte:* Løkø
- [vi45.](#) *Alternativ lese måte:* ifraa
- [vi46.](#) *Alternativ lese måte:* Jamfru
- [vi47.](#) *Alternativ lese måte:* sto up taa
- [vi48.](#) *Alternativ lese måte:* ejø
- [vi49.](#) *Alternativ lese måte:* Torø liti
- [vi50.](#) *Alternativ lese måte:* trøitø
- [vi51.](#) *Alternativ lese måte:* Inkji æ e so trøit inkji æ e so mø
- [vi52.](#) *Alternativ lese måte:* Ei liti Kvilestund va
- [vi53.](#) *Alternativ lese måte:* Tora
- [vi54.](#) *Alternativ lese måte:* Nórlandi
- [vi55.](#) *Alternativ lese måte:* ikke dær
- [vi56.](#) *Alternativ lese måte:* Balgji
- [vi57.](#) *Alternativ lese måte:* der
- [vi58.](#) *Alternativ lese måte:* der
- [vi59.](#) *Alternativ lese måte:* dei
- [vi60.](#) *Alternativ lese måte:* ikkje
- [vi61.](#) *Alternativ lese måte:* av
- [vi62.](#) *Alternativ lese måte:* Me
- [vi63.](#) *Alternativ lese måte:* um
- [vi64.](#) *Alternativ lese måte:* Jomfrú Maria sette seg
- [vi65.](#) *Tittel i reinskriфта:* Ildprøven
- [vi66.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта:* av
- [vi67.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта:* æ' blivi så
- [vi68.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта:* å

- [vi169.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: hot slags*
- [vi170.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: Sanningji*
- [vi171.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: du drive*
- [vi172.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: Vent va' der*
- [vi173.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: vendre*
- [vi174.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: lat*
- [vi175.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: Bålen*
- [vi176.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: å Ellen*
- [vi177.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: langt at*
- [vi178.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: no ser de adde*
- [vi179.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: liti*
- [vi180.](#) *Alternativ lese måte: Vokstrun*
- [vi181.](#) *Alternativ lese måte: gak no dæg te*
- [vi182.](#) *Alternativ lese måte: dine*
- [vi183.](#) *Alternativ lese måte: aa fortæle Dr mine.*
- [vi184.](#) *Alternativ lese måte: væra*
- [vi185.](#) *Alternativ lese måte: Gulmo*
- [vi186.](#) *Alternativ lese måte: Aakne*
- [vi187.](#) *Alternativ lese måte: 'ponde*
- [vi188.](#) *Alternativ lese måte: gjek barføt paa bare Gloé*
- [vi189.](#) *Alternativ lese måte: Mikjel*
- [vi190.](#) *Alternativ lese måte: Vossemyrane*
- [vi191.](#) *Alternativ lese måte: (Domane faldt saa mange)*
- [vi192.](#) *Alternativ lese måte: Gumoer*
- [vi193.](#) *Tittel i reinskriфта: «Draukveen». VII.*
- [vi194.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: [Hallvor Bjaæn: Ólav sette seg på Kyrkjedørstokkjen.]*
- [vi195.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: [Hallv. Bj. dæn Dómanne gjerest vrånge.]*
- [vi196.](#) *Alternativ lese måte i reinskriфта: [dessi Væren: Hallv. Bj.]*

[v197](#). *Alternativ lesemåte i reinskrifta*: [Var. dæ blandast alt í dæ sama.]

[v198](#). *Alternativ lesemåte i reinskrifta*: [Var. så æ' eg oddu glaeste]

Legendeballadar er lastet ned gratis fra bokselskap.no